

Kommunedelplan for KULTURMINNE

(Versjon av 14/08/2019)



Avfotografert handkolorert postkort med det nye Søholt Hotel. (1901-1910)
Fotograf: Ukjend

INNHALD.

Innhald.....	1-4
--------------	-----

DEL 1. GENERELT OM KULTURMINNE.

Stortingsmelding (2012-2013)	5
Lokal kulturminneplan for Ørskog.....	6
Om kulturminneplan, mål – visjon.....	7
Lovverk.....	8
Korleis tek vi vare på kulturminna.....	8
Fylkeskommunen si oppgåve.....	9
Kommunen si oppgåve.....	10
Kva er eit kulturminne.....	11

DEL 2. HISTORISK ATTERSYN OVER ØRSKOG.

Ørskog « der vegar møtest».....	12-20
---------------------------------	-------

DEL 3. KULTURMINNE I ØRSKOG.

Kulturminne i Ørskog.....	21
Kjelder for kulturminne - kunnskap.....	21
Kulturminne-kategoriar.....	22
1 Automatisk freda (fornminne).....	23
1.1: JARNVINNE-ANLEGG.	
1.2: GRAVHAUGAR PÅ LANGSKIPSØYA.	
1.3: ANDRE GRAVMINNER.	
1.4: FANGSTANLEGG VED STEINGARDSHEIVATNET.	

2 Bygningar	24
2.1: FREDA BYGNINGAR.	
2.2: YMSE HISTORISKE BYGNINGAR MED SAMFUNNSFUNKSJON.	
2.3: HISTORISKE VÅNINGSHUS.	
2.4: HISTORISKE LØER.	
2.5: STABBUR.	
2.6: KVERNUS.	
2.7: NAUST.	
2.8: SÆTER-BYGNINGAR (SEL, FJØS, HØYLØER M.M.)	
2.9: ANDRE HISTORISKE BYGNINGAR.	
2.10: HISTORISKE HUSMURAR.	
2 Gjenstandar	39
3.1: I ØRSKOG HISTORIELAG SINE SAMLINGAR.	
3.2: GJENSTANDAR I ØRSKOG KYRKJE.	
3.3: SKULPTURKUNST.	
3.4: MÅLARKUNST.	
3.5: ANDRE GJENSTANDAR.	
3.6: GJENSTANDSSAMLINGAR (MUSEUM).	
3 Kulturminne knytt til samferdsel	43
4.1: VEGAR.	
4.2: BRUER.	
4.3: VORER.	
4.4: KAIER.	
4.5: RODESTEINAR.	
4.6: NAMNESTEINAR FOR BRUER.	
4 Kulturminne knytt til kraftverk og industri	51
5.1: MASKINHUSET TIL ØRSKOGFOSSEN KRAFTVERK.	
5.2: RESTANE AV DET KOMBINERTE SAGBRUKET OG TØNNEFABRIKKEN PÅ TYSSA.	
5.3: DEN ELEKTRISKE KORNMØLNA PÅ MYRANE GARD, SJØHOLT.	
6 Kulturminne knytt til forsvar og krig	51

- 6.1: RESTANE AV DET TYSKE FORTET PÅ TYSSA.
- 6.2: DEI TYSKE STILLINGANE PÅ OSBERGET, ØRSKOG.
- 6.3: DEI TYSKE STILLINGANE PÅ OTTAMARKA OG ÅRØYHAUGEN PÅ SJØHOLT.
- 6.4: ANDRE ANLEGG KNYTT TIL TYSK OKKUPASJON 1940-45.
- 6.5: BAUTASTEINAR.
- 6.6: KRIGSOBJEKT UNDER VATN.
- 6.7: BUNKER PÅ ØVRE LANDE.
- 6.9: GJENSTANDAR LAGA AV AUSTEUROPEISKE KRIGSFANGAR.

7 Kulturminne knytt til gruvedrift..... 54

- 7.1: LI-GRUVENE I VETAFJELLET.
- 7.2: MALMBANETRASEEN.
- 7.3: GRUVEVEGEN PÅ LI.
- 7.4: ANDRE GRUVER KNYTTA TIL JERNMALM I VETAFJELLET I ØRSKOG.
- 7.5: MURANE ETTER KRUTHUSET PÅ LI.
- 7.6: GJENSTANDAR FRÅ VETAFJELL-DRIFTA.
- 7.7: STOLPAR ETTER MALMKAI, SAMT MALMVOGN PÅ SJØBOTNEN.
- 7.8: FELTSPATGRUVA I VAKSVIKDALEN.

8 Kulturminne knytt til jordbruk, skogbruk og fiske..... 56

- 8.1: PRODUKSJONS-ANLEGG FOR TREKOL OG /ELLER TJØRE.
- 8.2: GAMLE, FRÅFLYTTE OG ISOLERTE GARDAR.
- 8.3: TUFTER OG MURAR ETTER TIDLEG NEDLAGDE ELLER FLYTTA SÆTRAR.
- 8.4: RESTAR AV GAMLE SAGBRUK DRIVNE MED VASSHJUL-KRAFT.
- 8.5: KRØTTER-GEILER.
- 8.6: VASSKANALAR.
- 8.7: STEINGARDAR.
- 8.8: VEKSTHUS PÅ AMDAM.
- 8.9: FISKE-RELATERTE KULTURMINNE.

10 Andre kulturminne..... 60

- 10.1: GRENSESTEINAR.
- 10.2: MINNESTEINAR.
- 10.3: LERKELUNDEN (ØRSKOG).

- 10.4: IDRETTSANLEGG.
 10.6: PAPIR, BØKER, FOTO OG LIKNANDE.

12 Kulturmiljø..... 63

- 12.1: SÆTRANE.
 12.2: ØRSKOG PRESTEGARD.
 12.3: NAUSTMILJØET I AMDAMSFJØRA.
 12.4: NAUSTMILJØET I KRÅA PÅ ØRSKOG.
 12.5: TREHUSMILJØET LANGS SJØHOLTVEGEN OG AMTSKULEVEGEN PÅ SJØHOLT.
 12.6: TYSSA KRIGSMINNEOMRÅDE.
 12.7: ELVASTIEN LANGST PRESTEGARDEN OG LUNDEN.
 12.8: GARDEN GJERDET I HATLEN I VAKSVIK.
 12.9: TREHUSMILJØET LANGS GRIMSMYRVEGEN I VAKSVIK.

14 Naturminne..... 65

- 14.1: NATURMINNE KNYTTA TIL SEGNER OG FOLKETRU.
 14.2: ANDRE NATURMINNE.

LITT OM PROSESSEN MED Å LAGE LISTA TIL ØRSKOG HISTORIELAG..... 68

13 PRIORITERTE KULTURMINNE I ØRSKOG 69

ØRSKOG HISTORIELAG SINE INNSPEL TIL TILTAK

FOR VERN AV 13 PRIORITERTE KULTURMINNE..... 72

STABBURET PÅ GJERDET I HATLEN 74

HANDLINGSPLAN 2020 – 2024..... 80

DEL 1.

GENERELT OM KULTURMINNE.

Frå Meld. St (2012-2013) Framtid med fotfeste- Kulturminnepolitikk;

Gjennom ca. tolv tusen år har mennesket levd, virka og sett spor etter seg i det som i dag er Norge. Mange av spora er forsvunne, dels på grunn av erosjon, forvitring og gjengroing, og dels på grunn av aktivitetane til dei generasjonar som har kome etter. Kulturminne og kulturmiljø som er her i dag, er resultat både av tilfældigheiter og av at ein bevisst har valt å ta vare på dei. Desse kulturminna er uerstattelege kjelder til kunnskap og opplevingar. Dei omfattar alt frå element i kulturlandskapet, som gravhaugar og steingjerder til bymiljø og tekniske og industrielle anlegg.

Desse spora, og samanhengen mellom dei, er ein del av det levande samtidsmiljøet og utgjer også eit viktig grunnlag for morgondagen sitt samfunn.

Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar. Blir dei øydelagt eller fjerna, er dei tapt for alltid.

Ein samarbeider med Riksantikvaren om satsinga. Satsinga på lokale kulturminneplanar rettar seg direkte mot kommunane og deira arbeid med forvaltning av kulturminneverdiar.

Kulturminne på dagsorden i kommunane.

Kommunen er ein hovudaktør i forvaltninga av kulturhistoriske verdiar og har eit enormt potensial til å utvikle attraktive og verdiskapande lokalsamfunn. Samstundes er det stor interesse og mykje lokalt engasjement knytt til historie, kulturarv og kulturminne.

Mange kommunar og lokalsamfunn, museum, lag, foreiningar og enkeltpersonar gjer ein stor innsats for å registrere og dokumentere kulturarven. Likevel går mange kulturminne tapt. Kommunar og innbyggjarar etterlyser kompetanse om kulturminnevern og oversikt over kulturminne i eigen kommune.

Som den største forvaltaren av kulturhistoriske verdiar har kommunane behov for å skaffe seg oversikt og sette kulturminne på dagsorden for å unngå meir tap av kulturminne.

Lokal forankring.

Arbeidet med kulturminneregistrering og kulturminneplan skal ha lokalt eigarskap og forankring. Dette vil sikre lokalt engasjement og kompetanse.

Den lokale forankringa inneber at kommunane sjølv definerer prosessen og innhaldet, samt står for gjennomføringa fram til ferdig plan. Kommunane kan velje å gjere arbeidet sjølve, men kan også trekkje inn skular, museum, bibliotek, friviljuge, sogelag osv. i arbeidet.

Lokal kulturminneplan for Ørskog.

Utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø er vedteke av kommunestyret i Ørskog. Gjennom arbeidet med planprogram og opne møter og kurs har ein informert om arbeidet og engasjert innbyggjarar til å bidra med kunnskap.

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø er den fyrste kulturminneplanen som er utarbeidd for Ørskog kommune. Andre planar og dokument har omtalt kulturminne og kulturmiljø. Det er og gjennomført tiltak og planlagt tiltak for å ta vare på kulturminne.

Kulturminneplanen inngår som del av kommuneplanen. Heimelen for utarbeidinga av kommunedelplanen er Plan og bygningslova § 11-1.

Både kommuneplanen, økonomiplanen og regionale og statlege retningsliner legg føringar for arbeidet med kulturminne.

Planen fortel om kulturminne frå eldre og nyare tid. Kulturminne frå før år 1537 blir rekna som eldre, og blir omtala som fornminne. Kulturminne yngre enn år 1537, blir rekna som nyare kulturminne.

Kommunen kan velje å lage eit plandokument som kun er mynta på saksbehandlarar i kommunen.

Vårt mål har og vore å inkludere innbyggjarane, både for å få kunnskap og å gje kunnskap. Vi ynskjer at planen skal kunne vere opplysende om kulturarven, og inspirere til å søke og bidra med meir kunnskap. I hovudsak er likevel planen eit styringsverktøy for satsing innan kulturminneforvaltning.

« Kommunedelplan for kulturminne i Ørskog skal i hovudsak vere eit styringsverktøy for satsing innan kulturminneforvaltning».

Planen har teke føre seg kulturminne innanfor dagens kommunegrensar.

For å sikre kulturminne og kulturmiljø etter plan- og bygningslova, må desse i ettertid følgjast opp i reguleringsplanar, og takast med i kommuneplanen sin arealdel. Kulturminneplanen skal vere førande for all byggjesak og planhandsaming i kommunen.

OM KULTURMINNEPLANEN.

Mål og visjon for lokale kulturminneplanar.

Målet er å sikre eit mangfald av representative kulturminne og kulturmiljø som fortel om vår kulturhistorie i eldre, og nyare tid. Vi har forsøkt å trekke fram kulturminner som er særmerkt eller som tydeleg representerer vår identitet. Dette er kulturminne som vi meiner må vernast om og takast med vidare inn i framtida. Gjennom tiltak og planar vil vi ta vare på og verne om utvalde kulturminne.

I planen ynskjer ein å utgreie:

- kva kulturminne som skal registrerast før dei går tapt
- kva kulturminne som skal takast vare på
- kva tiltak som må i verksettast for at ein skal ta vare på kulturminna.

Kulturlivet skal vere inkluderande og ope for alle. Kultur er eit fundament i folkehelsearbeid og bidreg til helse og trivsel for innbyggjarane. Folkehelse er viktig i all kommunal planlegging. Kulturminnearbeidet er mellom anna å legge til rette for opplevingar, kunnskap og identitet. Formidlingsarbeidet bør difor vere ein sentral del av kommunen si satsing på kulturminne. Det er mange måtar å formidle og legge til rette på. Utfordringane er å velje dei rette historiene og formidle desse på ein fengande måte til ulike målgrupper.

I satsinga på kulturminne vil ein vurdere i kva grad kulturminna skal vere tilgjengelege, korleis dei skal vere tilgjengelege, og korleis dette kan gjerast mest mogeleg universelt. Kulturminna/-miljøa skal så langt som mogeleg kunne opplevast av alle.

Planen skal vere ein levande plan som gjennom politiske prosessar vert brukt for å auke merksemd og kunnskap om kulturminne.

Med ein kulturminneplan vil ein i forvaltninga innan plan-, areal-, og byggjesaker lettare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv handsaming. Planen vil vere til nytte for mellom andre oppvekstsektoren, næringsliv og kultursektor som kan nytte kulturminna til å skape kompetanse og opplevingar. For eigarar som ynskjer å søke eksterne midlar vil eit kulturminne som er med i kulturminneplanen kunne vere ein styrke ved tildeling av midlar frå t.d. Kulturminnefondet. Lokal registrering bidreg til at dei nasjonale databasane Askeladden, (og Kulturminnesøk som er ei publikumsutgåve av Askeladden), til ei kvar tid er oppdaterte.

Plangrunnlag og integrering i kommunal planlegging og verksemd.

- I forhold til arbeid med areal- og byggesaker,
- forankring i kommuneplanen sin samfunnsdel og
- forankring til arbeid med økonomiplan/ budsjettprosessar.

Framtid med fotfeste – Meld. St. 35 (2012–2013)

Leve med kulturminner. - St.meld. nr. 16 (2004-2005)

Loverk.

Det er i hovudsak to lover som vert nytta for å ta vare på spesielt verdifulle kulturminne : Kulturminnelova og plan- og bygningslova. Kulturminnelova vert forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt nivå, og fylkeskommunar, sameting, arkeologiske landsdelsmuseum på regionalt nivå. Det finst eigne forskrifter som skisserer ansvar og mynde til kvar av desse instansane.

Lov om kulturminne [kulturminneloven].

Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova) Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (PBL)

PBL er eit av kommunen sine verktøy i forvaltning av kulturminne, omsynet til desse vert nemnd fleire stader i lova: § 11-8 omhandlar ulike omsynssoner: «*kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av areal. Hensyn og forhold som inngår i andre ledd, bokstav a til f, skal markeres i arealplanen som hensynssoner med tilhørende retningslinjer og bestemmelser*».

Korleis tek vi vare på kulturminna?

For mange har ordet «vern» ein negativ klang, og vert forbunde med avgrensingar og økonomiske forpliktingar. Nokre kulturminne er av ein slik art at samfunnet tek grep som ikkje alle er einige i. Då er det viktig å halde fast ved at kulturminna er verdier som skal forvaltast på vegne av framtidige generasjonar. Vernearbeidet kan gi mange , og det finst fleire moglegheiter å velje mellom. Den største utfordringa er å finne dei gode løysingane for kvart enkelt kulturminne, og bruke verkemidla kreativt og hensiktsmessig.

Verkemidla som kan takast i bruk for å ta vare på kulturminne vert gjerne delt inn i fem kategoriar:

- a) lovverk, b) stortingsmeldingar og planverk, c) økonomiske støtteordningar, d) formidling og tilrettelegging og e) råd og rettleiing.

Planlegging.

Dei aller fleste kulturminne er ikkje beskytta gjennom lovverket, og det er viktig at kommunen tek eit hovudansvar for å sikre dei mest verdfulle kulturminna. Dette vert gjerne i første omgang gjort ved å utvikle ein kulturminneplan. Ei kartlegging og oversikt over kva som finns av verdfulle kulturminne i kommunen vil i seg sjølv auke medvit og vere positivt for vernearbeidet. Lokalkunnskap er dessutan ein føresetnad for å finne kreative og gode løysingar på kulturminnefeltet. Kulturminneplanen vil deretter kunne bli eit godt verktøy i byggesakshandsaming og vidare plan- og utviklingsarbeid i kommunen. Suksesskriterier er at planen er godt tverrfagleg forankra i administrasjonen og hos politikarane, at planen vert følgt opp i praksis og at tiltak vert prioritert i budsjettsamanheng.

Økonomiske støtteordningar.

Freding eller vern vil i seg sjølv kun gje avgrensa vern for det enkelte kulturminne. Det aller viktigaste er at eigar sjølv er positiv og motivert for å ta vare på kulturminnet, noko som gjerne krev både kunnskap og økonomiske ressursar. Det er derfor viktig at kulturminneforvaltninga på alle nivå legg til rette for dette.

Råd og rettleiing

Eit av dei viktigaste verkemidla er å sørge for at eigarar har tilgang på gode råd og god rettleiing. Dette gjeld både korleis dei praktisk skal ta vare på kulturminna på best mogleg måte, korleis dei kulturminna skal leggst til rette for bruk og korleis eigarane kan søke om tilskot.

Fylkeskommunen sine oppgåver.

Som regional kulturminnemyndigheit har fylkeskommunen eit delegert ansvar for dei automatisk freda kulturminna. Dette er kulturminne som er freda direkte etter lov og omfattar kulturminne frå tida før 1537. Alle ståande byggverk frå perioden 1537-1649, skipsfunn eldre enn 100 år og samiske kulturminne eldre enn 100 år, er også automatisk freda. Det betyr at dei er freda i kraft av sin alder og er då underlagt beskyttelse mot øydelegging. Lova opnar også for at nyare tids kulturminner kan fredast gjennom einskildvedtak.

Fylkeskommunen har også eit delegert ansvar for bygg og bygningsmiljø som er freda etter vedtak. Her samarbeider fylkeskommunen tett med eigarane og gjev tilskot og fagleg rettleiing i arbeidet med å vedlikehalde bygningane.

Fylkeskommunen arbeider også med utviklingsprosjekt på kulturminneområdet.

Saker som vedgår regionale og nasjonale kulturminneinteresser skal sendast fylkeskommunen for uttale. For å sikre gode rutinar for dette, har fylkeskommunen utarbeidd ei liste med oversikt over kva saker dette gjeld.

Kommunen sine oppgåver.

Kommunen har ansvaret for kulturminne av lokal og regional verdi og kan bruke plan- og bygningslova som verkty for å gje dei bevaringsstatus.

Til døme; På landsbasis er det berre 1 prosent av alle bygningar frå før 1900 som er freda gjennom kulturminnelova. Det betyr at svært mange verdfulle kulturminne ikkje er beskytta og må takast vare på ved hjelp av andre verkemidlar, for eksempel ved hjelp av plan- og bygningslova.

Kva seier lovverket? Bygningslova: Gjennom denne lova kan kommunane bidra til å gje spesielt verdfulle kulturminne formelt vern. Dette kan gjerast både i arealplansamanheng og i enkeltsaker.

I Ørskog har vi gjeve kulturminne formelt vern gjennom PBL. I plansamanheng vert slike områder angitt som «omsynssone». Kommunen har også heimel til å gi pålegg om utbetring av eksisterande bygningar, så sant dei vil gi ein vesentleg betring av byggverket sin funksjon – med omsyn til bevaringsverdi.

Kommunane har som planmyndigheit eit særskilt ansvar for å ta vare på kulturminne av lokal verdi.

Universell utforming.

Universell utforming betyr at «produkt, byggverk og uteområde som er i alminnelig bruk, skal utformast på ein slik måte at alle menneske skal kunne bruke dei på en likestilt måte så langt det er mogleg utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel»

*Når det gjeld kulturminna betyr dette at flest mogleg skal kunne besøke og oppleve kulturminne over heile landet. Dette dreiar seg ikkje berre om at kulturminna fysisk sett er tilgjengelige, **men og om at informasjonen om kulturminne tilpassast ulike grupper med spesielle behov, for eksempel ved å gjerast tilgjengelig i ulike typar media. !!***

Diskriminerings- og tilgjengelova seier at omsynet til tilgjenge og vern i større grad enn tidligare må vegast opp mot kvarandre.

Kjelde: Riksantikvaren

Universell utforming - Riksantikvaren

Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven)

Kulturminne og verdiskaping

Grunnlaget for verdiskaping skal leggast gjennom dokumentasjon, bevaring og formidling av kulturminneverdiane. Men i tillegg er det naudsynt å samarbeide med eigar, planleggarar, næringsutviklarar, kommune og andre myndigheiter om å realisere samfunnsnytta. Det er denne innsatsen for gevinstrealisering som ofte blir sett som verdiskaping i kulturminneforvaltninga.

KVA ER EIT KULTURMINNE ?

Kulturminne og kulturmiljø.

Synet på kva som er eit kulturminne har endra seg opp gjennom tidene. Verneinteressene var lenge konsentrert om minne frå vikingtida, stavkyrkjer og andre minne frå mellomalderen. Etter kvart er merksemda blitt retta mot stadig fleire spor etter menneskeleg aktivitet frå eldre tider. Eit resultat av dette er at omgrepet kulturminne no i prinsippet omfattar alle spor etter menneskeleg verksemd. Omgrepet kulturminne inneber dermed ikkje ein vurdering av kvalitet.

Ein så omfattande definisjon fører til at ordet kulturminne ikkje tyder det same som at noko er verneverdig.

I våre dagar har merksemda og blitt fokusert på heilskapen, det vil seie samspelet mellom ulike kulturminne og landskapet. Dette har ført til auka interesse for vern av heile miljø og område – kulturlandskapet.

Kulturminne - alle spor etter menneskeleg virke i vårt fysiske miljø

miljø, her under lokalitetar det knyter seg historiske hendingar til, tru eller tradisjon.

Kulturmiljø – område der kulturminna inngår som ei større heilheit eller samanheng. Kulturminnelova §2.

Immateriell kulturarv – praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. Er knytt til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, segn og hendingar.

Fornminne – Med fornminne meiner ein her alle spor etter menneske og menneskeleg verksemd frå førhistorisk tid og mellomalderen, fram til reformasjonsåret 1537. Med heimel i Lov om Kulturminne av 9. Juni 1978 er alle fornminne automatisk freda, og det er straffbart å skade, øydeleggja eller skjemma dei på nokon måte.

DEL2.

HISTORISK ATTERSYN OVER ØRSKOG.

Ørskog «der vegar møtest»



Kommunevåpen.



På hermelingrunn ein gull pæl.

Her skal du få høyre den historiske bakgrunnen til Ørskog kommune sitt kommunevåpen: Hermelin og skogbruk.

Motivet er inspirert av Ørskog sitt næringsliv og historie. Etter vestnorske forhold er det mykje skog i kommunen, og på 1600-talet blei det eksportert trelast her i frå til mellom anna Holland, Skottland og Tyskland Derfor står pælen for skog- og sagbruksdrift.

Hermelin symboliserer viltbestanden og avl av pelsdyr, som har vore ein viktig næringsveg i kommunen.

Hermelin er pelsverk som er laga av røyskatten sitt vinterskinn. Pelsverket er skinande kvitt med karakteristiske, svarte flekkar etter røyskatten sin svarte haletipp.

Forming av landskapet

Istida let etter seg fjell, dalar, elvar og strandområder i Ørskog, som i andre kystområder på Vestlandet. Fjella er små sidearmar ut frå den fjellkjeda som stikk ut i frå Jotunheimen og lagar eit fast grenseskil mellom Sunnmøre og Romsdal. Ørskog har tre hovud-dalføre med viktige vassdrag, Solnørdalvassdraget, Ørskogvassdraget og Vaksvikvassdraget. I kommunen

er det godt jordsmonn på fine flater, skog med variert vegetasjon og rikt dyreliv, viker som gir rikeleg med fisk, som til sum har gitt godt livsgrunnlag for menneske her i lange tider. Truleg var den faste busetnaden i Ørskog mellom dei tidlegaste i regionen. Den einaste øya i kommunen er det i dag ikkje busetnad på, men historisk har Langskipsøya vore viktig, både som sete for sjøvernet (Valle skipreide) og som lasteplass for trelastutførsel.

Fornfunn

Det er gjort fornnfunn på mest alle gardane langs sjøen i Ørskog: Viset, Vaksvik, Vestre, Amdam, Gausnes, Sjøholt, Apalset, Tyssa og Langskipsøya, samt på innlandsgardane Voll, Giskemo og Lande. Dette dreier seg om flintbitar, pilspissar, økser, gravrøyser, myrjarnutvinning og anna.

Sentral plassering



" - der vegar møtest" er ofte brukt som slagord for Ørskog kommune, og Ørskog har i mange samanhengar vore eit senter i området: Vegen mellom Ålesund og Molde/Åndalsnes møter vegen innover i Storfjorden, sjøtrafikk har møtt landtrafikk, handelsvarer frå innlandet har blitt bytt med handelsvarer frå kysten, det har vore senter for post, telegraf, turisme, militærstell,

trelasthandel, lensmann, kyrkje, utdanning og legetenester. Ørskog kommune si historie inneheld mykje som er heile regionen si historie.

Næringsliv

Tradisjonelt har jordbruk, skogbruk og fjordfiske gitt levebrød og vore næringsgrunnlaget i Ørskog. Det har vore gode vilkår for både korn-dyrking i eldre tider, grønsak-, bær- og frukt dyrking, i tillegg til dyrehald og dyreal. Første meieriet i kommunen vart etablert på Sjøholt i 1892. I 1938 var det slutt på meieridrifta i Ørskog etter at Vaksvik meieri vart nedlagt.

Skogen ga grunnlag for stor trelastutførsel til Europa, særleg til Nederland og Skottland, på 1600-talet. I åra 1603-23 hadde Ørskog 113 båtvitjingar frå 30 ulike utanlandske byar. Hovudhamna var på Langskipsøy. Råemne frå skogen ga også grunnlag for hus- og båtbygging og lokal produksjon av gardsreiskap og hushaldsreiskap, mest til eige bruk. Også i dag representerer husbygging, sagbruk og trebearbeiding ein vesentleg del av næringsverksemda i kommunen.

Utanom råemna som skogen og treet ga, gjekk det føre seg gardsproduksjon, eller heimeyrke, basert på råstoff frå gardsdrifta, som hud, skinn, horn og ull.



Ørskog-bunaden (Sunnmørs-bunaden) kan stå som eit «flaggskip» for handverkstradisjon i gamle dagar, som framleis held mål!

Dessutan vart det tidleg etablert jarnutvinning og ein smedtradisjon, som har halde seg til våre dagar. Jørund Amdam (Jørund Smed) utvikla denne smedtradisjonen til kunst.



Vetafjellet (også kalla Liafjellet og Solnørfjellet) mellom Ørskogvika og Solnørdalen inneheld eit omfattande system av malmårer på begge sider av fjellet. Metallinnhaldet i malmen er hovudsakleg jern, men og titan og vanadium. På 1700-talet vart det brote malm på begge sider av fjellet, men i liten målestokk. Malmen vart sendt med båt til Hommelvik i Trøndelag og smelta ved Mostadmarken Jernverk. Noko malm frå nordsida av fjellet vart sendt med båt til botnen av Fannefjord i Romsdal for smelting ved Osen Jernverk.

Om lag 100 år seinare, i 1873, vart det starta drift igjen, med 12 mann som arbeidde i gruvene ovanfor Li-gardane. Året etter fekk langt fleire arbeid med å bygge det omfattande transportsystemet, der to såkalla bremsebaner skulle frakte malmen ned til den store malmkaia ved Sjøholtstrand.

Allereie rundt årsskiftet 1874/75 ser det ut til at drifta stoppa. Det var ikkje mangel på malm, men malmen var lite lønnsam å drive på sidan han var tungsmelteleg.

Rundt 1911-14 var det ei kort tid prøvedrift på nordsida av fjellet med malmfrakt på taubane ned fjellsida og utskipping frå Solnørvika. Christiania Spigerverk gjennomførte eit omfattande program med kjerneboring og kartlegging av malmårer i Vetafjellet i perioden 1947-61.

Mange frå Ørskog var involvert i dette.



Ørskog Sparebank vart skipa i 1856 på Haukås med klokkar Lars Strømme som første styreformann (og direktør). Banken har gjennom alle desse åra vore styrd så varsamt og klokt at den har gått fri både "krakk" og kriser i samband med krigstider.

Den første faste, norske bilruta tok til i 1908 mellom Molde og Batnfjordsøra. Året etter starta



Elling Larsson Lande i Ørskog opp bilrute mellom Ørskog og Vestnes. Bilen var ein amerikansk Darrac, ei sjuseters kalesjevogn.

Då utanlandske turistar starta å kome til Norge i siste halvdel av 1800-talet, oppdaga dei tidleg også Ørskog, for ein vanleg turistveg kom sørfrå frå Faleide og Hellesylt og held fram over Ørskog til Vestnes. Etter at keisar Wilhelm 2. oppdaga vestlandsfjordane i 1890-åra, og reklamerte for dei, skaut turismen fart. Det kunne vere opp til 20-30 hestar i rad med stolkjerrar. I 1855 lyste amtet ut "bevertningsbevilling" for Sjøholt, og mange prøvde seg utover i åra som følgde. I 1885 vart det reist eige hotellbygg for Sjøholt Hotell. Dette bygget brann ned nyttårsdag 1901. Same året stod det nye ferdig.



Dåverande kronprins Olav og kronprinsesse Märtha vitja Sjøholt Hotell på ei reise i landet.

Militært senter

Ørskog med Sjøholt har lang historisk tradisjon som militært senter. På gamle kart er eksersisplassen teikna inn på øyra i Sjøholt.

Mange av dei militære familieane som arbeidde her sette sitt preg på bygda og kommunen. Kaptein Schølberg var ordførar i kommunen frå 1840 til 1844.

Under 2.verdskrigen hadde tyskarane militære anlegg på Tyssa og utsiktspost på Verahornet.

Skule/Undervising

I 1740-åra fekk sokneprest Hans Jacob Hiorth i Ørskog og Sunnmørs-futen, konstituert amtmann Nicolay Astrup i oppdrag å utarbeide ein "skolefundas", ein plan som skulle legge grunnlaget for almugeskulen på heile Sunnmøre ("Den Danske Skole i Norge"). Skulen i Ørskog vart lagt opp med ein omgåande skulehaldar for alle bygdene frå Viset til Tyssa, det vil seie heile kommunen. Skuletida var 3 månader.

Ei eiga norsk skulelov kom i 1816, og ei ny, meir gjennomarbeidd lov i 1827. Faget rekning skulle vere berre for gutane, i det jentene ikkje hadde behov for slik kunnskap. Lova sette krav om eigne skulehus, men dette vart i byrjinga ordna gjennom leige av lokaler. Det første skulehuset i Ørskog vart bygd av klokkar, bankdirektør og ordførar Lars Strømme på Steinholt. Han bygde huset i to etasjar for også å legge til rette lokaler for eit seminar for utdanning av lærarar, som på den tid var aktuelt å lokalisere i området, noko det likevel ikkje vart noko av. Utover i 1870- og 1880-åra fekk dei andre bygdene i Ørskog sine skulebygg.

I 1876 vedtok "Romsdal Amtsting" at det skulle startast ein "Søndmøre amtskole" med korte vinterkurs for gutar som skulle gå på omgang i dei ulike herad. Ørskog fekk første tilslaget og skulen heldt til i Steinholt-skulen dei tre første åra. Deretter starta han på rundgangen i andre herad i ca. 20 år, for deretter å kome attende til Ørskog, der han vart verande til den hadde fylt si oppgåve. At Ørskog vart eit viktig utdanningssenter på Sunnmøre i denne tida, må i stor grad tilskrivas Sivert Stavdal, som var leiar for denne skulen i 40 år frå 1911.

Ørskog interkommunale realskule vart starta i 1951 som ei vidareføring av den gamle fylkesskulen i ei ny form. Realskulen dekte frå starten kommunene Ørskog, Skodje, Stordal og Vatne, seinare kom også Giske til. Då den nye skulelova kom i 1969, hadde også realskulane spela ut si rolle, og ungdomsskulane tok over.

Skuletannrøkt vart starta i 1942 og framhaldskule i 1945.



Sunnmøre Husmorskule sitt nybygg på Lande stod ferdig hausten 1941, etter 2 års byggetid. Allereie sommaren same året, før bygget var ferdig, flytta tyske offiserar inn og vart verande der resten av krigstida. Etter krigen måtte huset renoverast, og kunstnarane Jonas Peson og Ole Solbakken vart hyra for å dekorere festsalen og hallen.



Jonas Peson



Jonas Peson



Ole Solbakken.

Fylket tok over eigarskapet frå ungdomssamlaget, som hadde stått for bygginga. Skulen har ei tid og vore "Ørskog vidaregåande skule" med undervising i hotell- og næringsmiddelfag, kokkefag, helse- og sosialfag, og barne- og ungdomsfag, og med elevar frå heile regionen.

I 2013 vart «Ørskog vidaregåande skule» flytta til Borgund vidaregåande skule. Medan det vart bygd ny Grunnskule i Ørskog i 2016 brukte Sjøholt skule lokala. I 2019 vart det avgjort at «husmorskulen» skal gjerast om til Folkehøgskule.

På Amdam starta Jørgen O. Amdam hagebrukskurs og planteskule i 1907. Dette opplæringstilbodet vart halde oppe til 1946.


Kyrkje/kristenliv

Ørskog har lange tradisjonar som senter for religionsdyrking.

I kristen tid var Borgund, Herøy, Volda og Ørskog frå gamalt kyrkjestadane på Sunnmøre, og truleg dei stadane som fekk dei første offentlege kristne almugekyrkjene. I Stranda bygde ein privatperson, Arnljot Gaddabein, seg ei privat kyrkje rundt år 1000, som er rekna for den første i regionen, men liknande "huskapell" kan det ha vore også andre stader, mellom anna på Lande i Ørskog, der det etter ei segn skal ha vore ei kyrkje.

Ein reknar med at den eldste offentlege kyrkja i Ørskog vart bygd i kong Øystein si tid, 1103-23.

« Oeyraskogs kirkiu sokn » er nemnd i eit dokument skriva i Nidaros 19.februar 1325. Dette er første gong Ørskog kyrkje er nemnd i ei skriftleg kjelde.



Den kyrkja som står no vart vigsla i 1873. Den førre kyrkja hadde då blitt for lita, og ho vart seld og sett opp att på Leikong i Herøy, der ho framleis er i bruk.



Ørskog gamle kyrkje ca 1860/70

Siste gudsteneste i gamle Ørskog kyrkje var halden 7. april 1872. Deretter vart kyrkja plukka ned og frakta med båt til Leikong. Ørskog fikk 750 specidalar for bygget. Før året var omme var kyrkja reist på den nye tomta på Leikong, 26. januar 1873 vart kyrkja på Leikong vigsla.

Sportskapellet på Vaksvikfjellet stod ferdig i 1961 med kapell, peisestove, gjesterom, resepsjon, kafé og andre rom. Det vart drive som ein kursstad av Sunnmøre krins av "Norges Kristelige Ungdomsforbund" til på slutten av 1990-talet, då bygget vart teke over av private. I 2000 starta Evangeliesenteret opp eit rehabiliteringssenter for rusmisbrukarar.

Henrik Ibsen og Ørskog

Henrik Ibsen var i 1862 på ei reise på Vestlandet. Han hadde fått eit stipend til å drive innsamling av folkeminner. Han oppheldt seg ei tid i Sunnlyven, og reiste så vidare med dampbåten til Sjøholt og vart buande på Solnør. Han skal ha brukt tilfang frå denne turen til mellom anna "Brand" og "Rosmersholm". Han skreiv i "Illustrert Nyhedsblad" den 26. oktober 1862 frå reisa:



*Akvarell av Henrik Ibsen. «Fjordlandskap med vei langs stranden»
Landskapet minner sterkt om Apalset med Furstranda, Sandvikshornet og fjella yst langs Hjørundfjorden.*

"Postveien fra Ålesund til Christiania går de første 2-3 miil langsmed Storfjordens nordlige strand, og er ialfald på strækningen fra Solnør til Sjøholt ubeskrivelig deilig. Den jevnt heldende lid har her skråning mod syd ned til fjorden, og er lige til øverst oppe klædt med furru og den frodigste løvskov. Alt imellom, snart ovenfor, snart nedenfor veien, ligger venlige gårder halvt gjæmte mellom trægrupperne; den blå vandflade glitrer gjennom løvet, og fra og til åbner sig en udsigt med de romsdalske tagger og tinder længst borte."



Postvegen forbi tunet til Rolv Amdam i Storvika.



Postvegen frå Solnør mot Tyssa.



Postveg-mur ovanfor huset til Håvard Nybø i Storvika.

Henrik Wergeland og Ørskog

Jon Knutson Nedrevoll var fødd i Ørskog. Han vart lærar og klokkar i Lindås og gift med Ingeborg Knutsdatter der. Eldste dotter deira heitte Antoinette. Ho vart gift med Halvor Lasseson frå fjellgarden Verkland. Antoinette vart enke med tre barn, og dei tok det gamle namnet, men skreiv det Wergeland. Ein son var Nikolay, som vart prest og eidsvollsmann, og far til diktargeniet Henrik Wergeland.

P. C. Asbjørnsen og Ørskog

Det er kanskje mindre kjent at også den kjende eventyrforfattar og eventyrsamlar Peter Christian Asbjørnsen (Asbjørnsen og Moe) også hadde aner attende til Sunnmøre og Apalset i Ørskog. Ragnhild Lauritsdtr Abelseth, fødd på Apalset, var tipp-tippoldemor hans.

Olav Oksvik og Ørskog




Olav Oksvik var 7 år då han flytta med foreldra til småbruket "Hammaren" på Apalset i Ørskog. I ungdomslaget i Ørskog fekk han sin første talarstol. Han vart i bygda til han reiste til Ålesund 18 år gamal som steinarbeidar for å bygge opp att Ålesund etter brannen i 1904.

Han vart stortingsrepresentant, statsråd og fylkesmann i Møre og Romsdal. Arbeidarrørsla i Norge arbeider med å få reist eit minnesmerke over han i Ørskog.



Eidsvoll-mannen Elling Olson Valbø

Ørskogbygdaren og bonden Elling Olson Valbø var ein av fire representantar frå Romsdal amt som tok del under rikstinget på Eidsvoll i 1814. Dei tre andre frå Romsdal amt var byfut Motzfeldt, amtmann Krogh og prost Stub. Valbø var ein av dei 15 som hadde jordbruk som eineyrke, av dei 112 representantane som møtte på Eidsvoll.



Stortingsmann og kommunen sin første ordførar Ole Rasmusson Sollied

Han sat på Stortinget frå 1833 til 1840, og han var ordførar i Ørskog i to periodar, 1838-39 og 1844-45. Ørskog var saman med Sykkylven den gongen, og Sykkylven sokn var det største, med fleirtal i heradsstyret. I 1839 tok militærkaptein Schølberg frå Sykkylven over som ordførar, og då han fall frå i 1844, tok Ole Rasmusson Sollied over att ordførarklubba. Ørskog kom særst godt i gong med det nye lokale folkestyret i og med at den første ordføraren hadde vore med som stortingsmann saman med Ole Gabriel Ueland og andre å forme ut det lovverket som det skulle styrast etter.

Fleire ørskogbygdarar, kvinner og menn, har blitt tildelt Fortenestemedaljar frå H.M Kongen.

DEL 3

KULTURMINNE I ØRSKOG

Hensikta med kulturminneplanen er å prøve å ta vare på kulturminna ved å fortelje om at dei eksisterer, ved hjelp av tekst, foto, kart etc. Slik vert politikarar, kommunetilsette, bønder, skogbrukarar og andre medvitne om kulturminna. Det er og viktig å vise mangfaldet i kulturminna, og at dei finst i alle grender frå fjell til fjøre.

KJELDER FOR LOKAL KULTURMINNE-KUNNSKAP:

- 1: SEFRAK-REGISTERET:** Ørskog Kommune gjorde ei statleg pålagd registrering av bygningar og bygningsrestar i perioden 1977-79. Andre kulturminne vart ikkje registrerte. Dette resulterte i 6 hefte, som finst m.a. på Ørskog folkebibliotek og på Paktarhus-biblioteket, og som elles gjekk inn i det statlege Sefrak-registeret.
- 2: PER FETT:** Arkeologiske funn vart registrerte av Per Fett like etter 2. verdskrigen, og er å finne som hefte og på internett. Fett registrerte det som lokale folk kunne fortelje på den tida. Seinare er andre arkeologiske funn blitt gjort kjende, til dømes jarnvinneanlegga og fangstanlegga i Ørskogfjell-området.
- 3: ARTIKLANE I ØRSKOG HISTORIELAG SINE ÅRSSKRIFT OG SÆRSKRIFT:** I mengdevis av artiklar, publisert i bøker og hefter sidan 1986, finn ein mykje om kulturminne. Fotodokumentasjon med tekst finn ein og i Ørskogkalendarane.
- 4: ØRSKOG GJENNOM TIDENE:** Bygdebøkene i 3 band inneheld kulturminne-stoff.
- 5: DEN KOMMUNALE AREALPLANEN:** Det tilhøyrande kartet syner ein del kulturminne-markeringar. Der er gjort ei viktig evaluering av dei mange sætermiljøa.
- 6: FYLKESKONSERVATOREN SINE REGISTRERINGAR:** På nettstaden kulturminnesok.no finn vi Fett sine registreringar, jernvinneanlegga m.m.
- 7: ASKELADDEN-REGISTERET:** Dette er Riksantikvaren sitt register over freda, verna og verneverdige objekt i Ørskog. Pr. 2018 er der enkelte feil som vi håper kan verte retta etter kvart.
- 8: YMSE KJELDER:**
 - Artiklar i lokalavisa Bygdebladet, ikkje minst i dei tidlege årgangane som ofte inneheldt lokalhistorisk stoff.
 - Dei lokalhistoriske skriftera «Under Lauparen» som elevar og lærarar ved Skarbø skule i si tid laga. Desse inneheld m.a. intervju med eldre folk i Ørskog.
 - Arbeidet til Ørskog Kommunale Museumsnemnd. Vi kjenner til at nemnda eksisterte på slutten av 1930-talet, i samband med etableringa av Sunnmøre Museum, men manglar vidare informasjon.
 - Kulturminneregistreringa til Norges Bondekvinneforbund på 1960-talet. Førebels manglar informasjon om dette.

Forkortingar: ØGT: Ørskog Gjennom Tidene (bygdebøkene i 3 band).

KULTURMINNE-KATEGORIER I DENNE LISTA:

- 1: Automatisk freda kulturminne (fornminne).
- 2: Bygningar.
- 3: Gjenstandar.
- 4: Kulturminne knytt til samferdsle (vegar, bruer, vorar m.m.).
- 5: Kulturminne knytt til kraftverk og industri.
- 6: Kulturminne knytt til forsvar og krig.
- 7: Kulturminne knytt til gruvedrift.
- 8: Kulturminne knytt til jordbruk, skogbruk og fiske.
- 9: Andre kulturminne.
- 10: Kulturmiljø.
- 11: Naturminne.

1. AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE (FORNMINNE):

Med enkelte unntak, gjeld dette minne frå før reformasjonen i 1537.

Mange av desse, men ikkje alle, kan finnast på nettsida «Kulturminnesok.no».

Bygningar frå før 1650 er automatisk freda, dersom anna ikkje er bestemt.

1.1: JARNVINNE-ANLEGG:

Prøver frå dei tre kjende funnstadane er datert til 400-talet e.Kr og fram til 600-talet. Slike anlegg er til no funne i Skållia ved Svartløken, ved Postvegen langt oppe i Landedalen og ved Storelva vis-a-vis utløpet av Kvanndalselva (Langrystene). Groper og slagghaugar.

Skållia-anlegget er det største kjende anlegget i sitt slag i fylket, med ein jarnproduksjon på minst 30 tonn. Den store mengda slag i Ørskogelva, ned gjennom Landedalen og vidare, kan tyde på fleire anlegg. Artikkel i årsskrift 2004.

1.2: GRAVHAUGAR PÅ LANGSKIPSØYA:

Truleg frå vikingtid eller eldre.

Lite eller ikkje granska. Jf. Per Fett sine registreringar. Desse haugane er spesielt trekt fram her, sidan øya og området vert oppfatta som historisk særst spanande. På høgste nuten var det tidlegare ein stor gravhaug, og staden kan framleis vere interessant. Haugane kan kanskje sjåast i samanheng med ei rekke andre eksisterande og vekk-komne gravhaugar rundt Solnørvika, på Tyssa, Solnør, Håhjem og Valle. Spor etter langskips-naust frå vikingtida eller tidleg middelalder og tufter etter staselege seinmiddelalderhus er andre objekt som ei grundig, arkeologisk undersøking kan avdekke.

1.3: ANDRE GRAVHAUGER:

Truleg frå vikingtid eller eldre. Jf. Per Fett sine registreringar.

Vi har meir eller mindre intakte haugar på m.a. Tyssa, Apalset, Gausnes, Nedrevoll (funn av ein steinsirkel og brente bein) og Vestre.

På den største gravhaugen på Vestre, i tunet til Jon Skjelten, stod det tidlegare ein stor bautastein med runeinnskrifter (ifølge Peder Fylling). Haugen har ikkje blitt granska og steinen er borte.

Det er registrert ein sannsynleg gravhaug på det ubygde området på Lånemarka på Sjøholt, ved Pe-Larselva (bør merkast!).

Elles har Per Fett registrert ein del bortkomne haugar og gravminne rundt omkring i kommunen. Gravhaugar som låg i eller nært opptil dyrka jord, vart tidlegare svært ofte fjerna, for å gjere jordbruket meir effektivt.

1.4: FANGSTANLEGG VED STEINGARDSHEIVATNET:

Datering svært usikker, men kanskje frå tidleg middelalder eller eldre.

Oppmura bogestillingar og enkle buplassar på minst 10 lokalitetar, laga truleg i samband med reinfangst. Finst både på Ørskog- og Vestnessida av kommunegrensa, som kryssar vatnet. Anlegga vart undersøkt av ekspert Astor Furseth i 2015. Han konkluderte med at det tvillaust er svært gamle fangstanlegg. Merknader i annotasjonsboka til presten Hans Strøm på 1750-talet, dreier seg truleg om desse murane.

DIVERSE: I nyare tid har det vore arkeologiske utgravingar på garden Sjøholt, nærare bestemt på Lånemarka, samt i lia opp mot Bjørkereitane. Der er gjort mange funn etter

tidleg busetnad. Lausfunna har i stor grad blitt fjerna og utgravningsstadane har blitt utbygd. Dei eldste funna ser ut til å skrive seg frå eldre bronsealder, altså 3000-3500 år gamle. Artiklar i årsskrift 2002 og 2010.

Der er elles funne flintavslag, dels i kollag, som truleg skriv seg frå steinalderen på Ørskog (Ryssebøen), Amdam og Viset. Under gravearbeid er det blitt funne ei lang rekke gjenstandar. Jr. Fett-registreringane. Det fins ein del slike objekt i privat eige i kommunen. Ymse kulturminne som er omtala i andre kategoriar, kan etter nærare gransking vise seg å ha krav på automatisk freding.

2: BYGNINGAR:

For bygningar har vi eit grunnlag i dei offentlege Sefrak-registreringane frå slutten av 1970-talet. Noko av det som vart registrert er borte nå.

Mange av dei eldste bygningane i Ørskog er i stor grad innebygd i nyare konstruksjonar, og dels rivne, påbygde, ombygde osv., slik at den historiske verdien ikkje alltid kjem så klårt fram. Nedanfor nemner vi ein del historiske bygningar, der den opphavlege stilen i stor grad er ivaretatt. Opplysningane kjem til dels frå Sefrak-registeret.

Først ei omgreps-avklaring: Røykstove er eit våningshus der røyken frå eldstaden går rett ut i rommet, legg seg under taket og vert sleppt ut gjennom eit hol i taket, ein sokalla ljore. Røykehus er ei bygning for røyking av kjøt og fisk. Bygningar som hadde ei stor steinhelle over eldstaden til tørking av korn, vart gjerne kalla tørkehus eller tørkestove, men kunne og verte nytta til røyking.

2.1: FREDA BYGNINGAR:

Vi
garden



har totalt 6 freda bygningar: 4 på
Ørskog og 2 på Sjøholt:

2.1.1: ØRSKOG KYRKJE: Stod ferdig i 1873. Artiklar i årsskrift 1993, 1998 og 2017.

2.1.2: PRESTEGARDSHUSET:

Mykje tyder på at huset vart bygd ca 1795. Ein har tidlegare trudd at huset var enda eldre. Ein mindre prestebustad stod tidlegare på om lag same tomte.

Artiklar i årsskrift 1987 (P. Fylling), 1998,2006 og 2018.

2.1.3: PRESTEGARDS-STABBURET: Det gamle stabburet brann ned 8. mai 1900. Det er dermed grunn til å tru at bygninga er frå om lag 1901. Freda som ein del av prestegardsmiljøet.

2.1.4: PAKTARBUSTADEN PÅ PRESTEGARDEN: Den gamle bustaden (borgstova) brann ned 8. mai 1900, og den nye vart teken i bruk på slutten av 1901. Laga på Flåte i Skodje og frakta til Ørskog. Ein del endringar ca 1960. Freda som ein del av prestegardsmiljøet. Artiklar i årsskrift 1996, 1998 og 2018.

2.1.5: SJØHOLT HOTELL: Det gamle hotellet brann ned 01.01.1901, og det noverande, som ein trur vart prefabrikkert ved Strandheim Brug i Orkdal, skal



ha stått ferdig same året, altså i løpet av 1901.

Freda i desember 2017. Artikkel i årsskrift 1998.

2.1.6: UTHUSET VED SJØHOLT HOTELL: Truleg bygd rundt 1920, ved Wensellelva. Huset skal ha vore nytta som ei lita løy, med plass til både sau og gris. Andre funksjonar er ikkje kjend. Freda i desember 2017, saman med hotellet.

2.2: YMSE HISTORISKE BYGNINGAR MED SAMFUNNSFUNKSJON:

Det kan nemnast at alle skulane i Ørskog er omtala i årsskrift 2000.



2.2.1: GAMLEBANKEN PÅ STEINHOLT:

Bygd 1896 og i bruk som bank og kommunelokale fram til 1957.

Sidan brukt til framhaldskule fram til 1972.

No disponert av Ørskog Rotary og nytta m.a. til møte- og festlokale.

2.2.2: REALSKULE-/AMTSKULEBYGNINGA PÅ SJØHOLTSTRAND: Bygd 1898 og i bruk som skulebygning til våren 1971.

2.2.3: STEINHOLT SKULE: Teken i bruk i 1928 og i bruk som skule til 1973. Etterpå nytta m.a. til bibliotek, og som lokale for mange lag og foreiningar.



2.2.4: APALSET SKULE: Bygd i 1880 og nytta som skule til 1968. Sidan nytta som grendahus og i den samanheng påbygd i 1979.



2.2.5: BRAUTE SKULE: Bygd i 1876, i ordinær drift til 1940 og nedlagd i 1958.

No brukt til grendahus.



2.2.6: VAKSVIK SKULE: Bygd 1923, delvis med tømmer frå den eldre skulen, som vart bygd i 1876. Nyttå som skulebygning fram til 1984, då nyskulen ved sidan av vart teken i bruk.

2.2.7: ØRSKOG VIDAREGÅANDE SKULE, TIDLEGARE SUNNMØRE HUSMORSKULE: vart bygd 1939-41 og straks nyttå av den tyske okkupasjonsmakta fram til 1945. Nyttå som husmorskule/vidaregåande skule frå 1946 til 2012. Nyttå av Sjøholt skule då nyskulen vart bygd, fram til 2018.

2.2.8: MASKINHUSET TIL ØRSKOGFOSSEN KRAFTVERK: Sjøå 5.1.

2.2.9: FERIEKOLONIEN «VESLESTUA» I ØVSTE-HATLEN I VAKSVIKA:

Disponert av Ålesunds Tuberkuloseforening frå 1919 til 1958 som feriekoloni for ålesundsborn. Huset er reg. i Askeladden-registeret pga. denne historikken. Omskrive i årsskrift 2001.

2.2.10: KAIHUSET PÅ DEN KOMMUNALE KAIA: Det første kaihuset kom truleg opp rundt 1920, men vart erstatta rundt 1950 av mur- og betongbygningen som står der no. Det skal vere svært få slike offentlege kaihus att. Jr. kaier pkt. 4.4.1.

2.3: HISTORISKE VÅNINGSHUS:



2.3.1: RØYKSTOVA I ME-HATLEN I VAKSVIK: Alderen er ukjend, men det er truleg eit av dei eldste våningshusa i Ørskog. Dekor-målinga øvst på veggane i stova er sjeldan. Det tilhøyrande stabburet er og gammalt og interessant.

2.3.2: RØYKSTOVA PÅ AKSLEVOLLEN: Alderen er ukjend, men det er truleg eit av dei eldste våningshusa i Ørskog. Det gamle interiøret er i stor grad erstatta av nytt. Artiklar i årsskrift 1996 og 2009.

2.3.3: VÅNINGSHUSET PÅ HØGTUN PÅ JARSKAR: Den nordre halvparten av huset



seiest å vere frå tidleg 1700-tal, medan den søre halvparten kan vere frå tidleg 1800-tal.

2.3.4: GAMLEHUSET I STORVIKA:



Bygd i 1776, opphavleg som røykstove. Truleg eit av dei eldste husa i Ørskog. Rolv og Hanna Amdam fekk Sunnmørsposten sin «Godt vernpris» i 1992 for restaureringa av dette huset. Er reg. i Askeladden-registeret.

2.3.5: VÅNINGSHUSET PÅ GAUSNESGARDEN: Ukjend alder, men svært gammalt. Skal ha blitt flytta frå murar lenger nede i bakken og til noverande plassering ca 1850. Artikkel i årsskrift 2018.



2.3.6 VÅNINGSHUSET I GAMLETUNET I SOLNØRDAL:

Samansett av fleire byggetrinn, der austenden skal vere den eldste
 På andre sida av elva finn vi ein gammal husmannsplass, Reiten,
 med eit interessant våningshus.



2.3.7: FLINDTHUSET: Bygd 1855-60 og stod opphavleg i Sjøholt sentrum. Vart løfta
 av murane og flytta heilt til Ellinggarden på Lande rundt 1980.

2.3.8: «SJØHOLT MINDE» PÅ SJØHOLT: Flott villa som vart bygd av handelsmannen
 Krabbe i 1860-åra. Ark og veranda vart bygd til i 1912.



Vert og kalla «Larsonhuset»

2.3.9: LYSHOLEN I VAKSVIKA: Ole Bastian Hatlen fekk Sunnmørsposten sin «Godt vern-pris» i 1984 for restaureringa av våningshuset. Dette vart sagt då: «Huset er eit såkalla Glomsethus med tradisjon på Sunnmøre. Først vart huset



lafta på Glomset av virke derifrå og sidan flytta til Vaksvik. Det vart bygd i 1887. Det har trekk av både bygdeempire og sveitserstil. Både materialar og handverksutforming var så gode at dei har overlevd uendra i hundre år».

2.3.11: VÅNINGSHUSET PÅ HAUGEN (BRAUTEHAUGEN) I ØVRE SOLNØRDAL:

Det gamle huset er særst velhalde i ein konsekvent historisk stil. Inventaret gir huset eit museumspreg.

2.3.12: SCHMIDTHUSET I PETTERGARDEN PÅ VISET: Bygd 1914-15 av murstein frå fabrikkjen til Heinrich Schmidt i Sykkylven. Mura i karakteristisk stil av Schmidt sine fagfolk.

Huset til Edith og Kåre Braute på Sjøholt er og eit Schmidthus, men har fått utvendig kledning.

2.3.13: HUSET TIL OLUF OG OLE VALBØ PÅ BAKKEN PÅ AMDAM: Den opphavlege, austlege kjernen av dette vesle huset på vestsida av Ådalen seiast å vere frå 1700-talet (Sefrak) og kan vere gamlehuset på bruket Bakken, evt. delar av det. Her budde Oluf Valbø. Broren Ole «Dreng» Valbø (kanalbyggaren) lagde



eit lite tilbygg mot vest og budde der. Sjølv om tilstanden no er svært dårleg, har det vore peika på at huset kan vere verd å restaurere og ta vare på. Dels fordi det er svært få slike småkårs plassar att langs Storfjorden og dels fordi dette var bustaden til dei velkjende brørne, som begge var særmerkte personar. Huset ligg i eit særmerkt naturområde (sjå 14.2.2).

2.3.14: VÅNINGSHUSET PÅ GJERDET I HATLEN: Sett opp tidleg på 1900-talet, med ei kjerne som er ei gammal røykstove frå Reite. Seinare vart huset påbygd både i høgda og lengda, og med arker på begge sider. Tilstanden til den gamle røykstova er ikkje kjend. Ved sidan av står stabburet 2.5.1

2.4: LØER:

2.4.1: LØE PÅ LISETGJERDE, PÅ BRUKET THORSHAUG (KRISTOFFER-PLASSEN):



Iflg Sefrak kan denne løa vere frå 1600-talet. Flytta frå Stordal på 1800-talet.

2.4.2: LØE I BÅRDSGJERDE, PÅ GARDEN AUSTRE: Dette er ei gammal og lite modernisert løe, der bordkledninga på ein del av veggane er festa med trenaglar.



2.4.3: DEN GAMLE SOMMARLØA PÅ LANGSKIPSØYA:



Den vart teken ned, total-restaurert og sett opp att i 2015 og -16. Arbeidet vart gjort i regi av Storfjordens Venner etter eit initiativ frå Ørskog Historielag. Løa er bygd med grindløe-teknikk og er truleg frå 1700-talet. Artiklar i årbok 2014 og 2017.

2.5: STABBUR:

Det finst mange i Ørskog, og vi har ikkje oversikt over alle. Vi nemner nokre interessante døme:



2.5.1: STABBUR PÅ GJERDET, HATLEN I VAKSVIK: Det er lett å tru at dette stabburet er falleferdig og lite å ta vare på, men då tek ein feil: Stabburet har ei godt bevart, lafta kjerne av svært store, ovalhogde tømmerstokkar, verna av svalgangar med plankeveggar på tre sider. Byggestilen tyder på svært høg alder, kanskje heilt tilbake til 1500-talet. Ei merking med årstalet 1708, treng ikkje vere byggeåret. Mykje tyder på at dette kan vere eldste bygninga i Ørskog. Den skal ein gong ha blitt flytta hit frå Stordal.

2.5.2: STABBUR PÅ BAKKEN PÅ TYSSA:



Byggeår ukjend, men vart nytta til Langskipsøy posthus frå 1863 til 1939. Fleire interessante spor etter tysk okkupasjon under krigen.

Stabburet på Tyssegjerdet litt lenger aust er og interessant.



2.5.3: STABBUR I PÅLGARDEN PÅ GISKEMO: Ber innskrifta 21. juni 1864, men det er uvisst om det er byggeåret.

2.5.4: STABBUR PÅ HJELLANE PÅ SJØHOLT: Då Tore Møll tok over garden på 1870-talet, stod dette stabburet der.

2.6: KVERNHUS:

2.6.1: KVERNHUS VED WENSELLELVA:

Utgangspunktet var eit kvernhus i Ådalen på Amdam, som Rolv Amdam tok ned og lagra i Storvika. Tilstanden var såpass dårleg, at alt trevyrket måtte



rekonstruerast under oppattsettinga på 2000-talet. Kvernsteinane er originale. Arbeidet vart gjort i regi av Ørskog Historielag, og huset stod ferdig i 2010. Artikkel i årbok 2010.

2.6.2: KVERNHUS VED VESTREELVA:

Eigd av Jon Skjelten, som fekk yrkesskuleelevar til å sette huset i stand i 1975.

2.6.3: KVERNHUS VED ØRSKOGELVA, I PÅLGARDEN PÅ GISKEMO: Demontert og fjerna frå den opphavlege staden ved elva og det er no lagra i løa på garden.

2.6.4: KVERNHUS VED ØRSKOGELVA, I ARNEDALANE PÅ LANDE:



Har vore nytta av bruka på Nedre Lande. Innvendige inskripsjonar frå tidleg 1800-tal. Kvernvatnet kom gjennom ein kanal, med inntak i ein dam lenger oppe i elva. I svært dårleg tilstand. Anlegget kan teoretisk i seinmiddelalderen ha omfatta eit av dei opphavlege sagbruka ved Storelva, i tillegg til kvernhus. Tidlegare stod kvernhuset til Øvre Lande ved sidan av dette, og på andre sida av elva stod kvernhuset til Haukås.

2.6.5: KVERNHUS SØRVEST FOR BRUKET GJERDET VED VAKSVIKELVA: Huset tilhøyrrer gardane Øvre Sollia og Nedre Sollia og skal vere det einaste som står att ved denne elva. Skal vere frå midten av 1800-talet.

2.6.6: KVERNHUS SØRAUST FOR BRUKET GJERDET VED VAKSVIKELVA: Huset tilhøyrrer Hatlen. Bygninga er demontert og vert for tida lagra i ei løe.

2.7: NAUST:

2.7.1: NAUSTA «OLENAUSTET» OG «EINHAUGNAUSTET» VED POSTVOREN I AMDAMSFJØRA: Begge er svært gamle tømmernaust. Olenaustet er eit trerøringsnaust, opphavleg 2-3 meter lenger enn no, og ein trur det er frå 1700-talet. Det ligg rett ved sidan av Postvoren frå 1831, og kan ha vore nytta til postbåten. Einhaugnaustet ligg litt lenger vest, på andre sida av ein haug.



Einhaugnaustet



Olenaustet nr 2 frå venstre.

Postvoren framfor naustet

2.7.2: STORVIKNAUSTET: Eit stort kombinert naust og sagbruk med stor mura vor

utanfor. Bygd 1899-1900.

2.7.3: PRESTEGARDSNAUSTET: Gammalt tømmernaust med uviss alder. Ligg ved bukta mellom Prestefjøra og Osberget. Har i stor grad fått bordkledning utanpå tømmeret. Ein del skadar i 1992-orkanen, også på grunnmuren, som er utbetra.

2.8: SÆTER-BYGNINGAR (SEL, FJØS, HØYLØER M.M.):

2.8.1: OLAGARDSELET OG TORESELET (VALGERMO) PÅ HAUGSÆTRA:



Desse står ved sidan av kvarandre ved enden av Haugsætervegen og danner eit vakkert sætremiljø, som ofte vert nytta som fotomotiv. Begge er truleg frå 1800-talet og har høge murar med fjøs under sela. Olagardselet har og loftsetasje og skifertak. Ei flott bygning inntil for få år sidan, men står no på skade og er dessverre i ferd med å gå tapt, dersom det ikkje vert sett i verk snarlege tiltak.

2.8.2: SELET «BLÅSENBORG» PÅ GAMLE LISETSÆTRA: Dette er truleg bygd ca 1850 på ein husmannsplass på Vallbøen og flytta til sætra på 1900-talet.

Skal ha gammal rosemåling innvendig.

2.8.3: HØYLØA PÅ GAMLE LISETSÆTRA: Den siste attståande høyløa på gamle Lisetsætra vart teken ned, totalrestaurert og sett opp att i 2012. Arbeidet vart gjort av elevar ved Skarbø skule, leia av lærar Asgeir Kvernberg. Den er bygd med grindløe-teknikk med materialar frå gamle liknande løer. Artikkel i årbok 2011.

2.8.4: SOMMARFJØSANE I LANDEDALEN: Mange bruk på Lande og Valgermo hadde tidlegare utmarksfjøsar eit stykke fram i dalen, til bruk tidleg på somrane.

No står berre to av dei att, men i tillegg kan ein sjå fleire tufter, til dels med bygningsrestar.

2.9: ANDRE HISTORISKE BYGNINGAR:

2.9.1: SMIE I FRAMIGARDEN I GJÆRE: Svært gammal tømmerbygning.

2.9.2: SMIE I ØVRE SOLLIA: Svært gammal tømmerbygning.



2.9.3: TØRKE- OG RØYKEHUS PÅ ØVRE SOLLIA, VED GRIMSMYRA:



Svært gammal tømmerbygning. Har stor steinhelle for korntørking over eldstaden.

2.9.4: LYSTHUSET VED WENSELLELVA I SJØHOLT SENTRUM: Frå 1800-talet. Frå Sefrak finn ein oppgitt 1820-talet, men det er grunn til å tru at det er noko yngre.

2.9.5: LØKSTOVA: Bygt av Peter Storvik på Svartløksætra i 1927 som kafé og med

fem utleigerom. Var i drift fram til 1939. Seinare nytta av m.a. Ålesund Røde Kors. Fostersonen til Peter, Ragnar «Kongen» Søyholt bygde Nysæterstova i 1929, men denne brann ned på 1980-talet, slk at berre murane syner i dag.

2.9.6: BRØNN PÅ STIGEN PÅ APALSET: Ein trur denne er fleire hundre år gammal, iflg. Sefrak. Der har vore (er?) overbygning.

Sjå og bygningar oppførde under andre kategoriar: 7.4, 8.2.1, 8.2, 8.4, 8a-8e.

Ein del gamle, interessante bygningar er selde, flytta og sette opp att som hytter, ofte for Ålesund-familiar. Vi kan nemne «Den røde hanske»

(frå Hansgarden, Valgermo i 1918) ved Svartløkvatnet, «Sparta» (Søyholt Meieri)

ved Svartløksætra, huset på Gunnarplassen på Apalset, som no er hytte på

Liasætra og Ryehuset på Søyholt som no er hytte ved Mevatnet.

2.10: HISTORISKE HUSMURAR:

Vi tenker her på gamle murar, utan hus oppå. Det finst mange, men vi tek med nokre dømme:

2.10.1: BREISKARET VED BJØRKEREITANE, SJØHOLT: Avsidesliggande, høge og fine murar inne i tjukke skogen. Det skal ha vore Andreas Bendik Søyholt f Tøsse (1829 – 1889), brukar i Lånagarden, som skal ha sett opp desse murane, truleg på 1880-talet. Han døydde før huset var ferdig, og tomte grodde att med skog.



2.10.2: SKULEMURAR PÅ

SKARBØ: Murane etter gamleskolen, ved den gamle hovudvegen som no er ein del av Jarskarvegen. Desse skal vere frå 1870-åra. Skulebygninga vart flytta lenger vest og nærare nyvegen i 1901.

2.10.3: HUSTUFTER PÅ TYSSA: Grunnmurar av naturstein etter ei bygning nedanfor Magnusplassen, 30 m frå sjøen. Rydda for skog i seinare år. Liknande murar på Kobbeneset litt lenger vest. Ukjend historikk, men truleg frå før 1880, kanskje mykje eldre.

2.10.4: MURAR ETTER VASSHJULHUS I ME-HATLEN: Aust for stabburet, ved byrjinga av geila, står desse høge, gamle murane. Vasskjelda er noko usikker, men vasshjul-informasjonen vart gitt av Karl Hjelle på 1980-talet.

I ØGT-2 er det bilde frå 1960-talet av murane, med tak over, og i bruk som troskot. Feilaktig har bildet blitt plassert under kapittelet om Vallbø.

Sjå og murar med nummer 5.2, 7.4, 8.3

3: GJENSTANDAR:

3.1: I ØRSKOG HISTORIELAG SINE SAMLINGAR:

3.1.1: LOKOMOBIL: Vedfyr, mobil dampmaskin. Laga i 1903 og sist nytta på eit sagbruk og tønnefabrikk på Tyssa. Vart ferdig restaurert i 1991. Vert regelmessig sertifisert og vert starta opp og demonstrert kvart år. Plassert i Hanshuset og er eigd av Ørskog Historielag.



Artikkel i årsskrift 1994, samt eige hefte frå 2003.

3.1.2: TAFFELPIANO: Iflg. Ringve museum truleg frå om lag 1840. Stod tidlegare i det no rivne gamlehuset på bruket «Lødalen» på Sjøholt.

3.1.3: MASKINAR OG UTSTYR FRÅ OLE LID SIN SKOMAKARVERKSTAD:

Symaskinar, pussemaskin, arbeidsbord, skolestar og anna utstyr.

3.1.4: ANDRE GAMLE GJENSTANDAR I HISTORIELAGET SINE SAMLINGAR:

Orgel, vevstol, tredreiebank, metalledreiebank, høvlebank, snikkarverktøy, smedverktøy, gardsreiskap, gevær, bandspelar, reknemaskinar, radio, fotoapparat, filmapparat, mikrofonar, duplikator, kateter, skule-fane, karbidlampe m.m.

3.2: GJENSTANDAR I ØRSKOG KYRKJE:

- 3.2.1: KRUSIFIKSET I KORBOGEN:** Denne store og svært realistiske skulpturen av Jesus på krossen skal ha hengt også i den gamle kyrkja (no Leikongkyrkja), truleg frå den stod ferdig i 1807. Ekspertar har vurdert krusifikset til å vere mykje eldre, kanskje frå 1600-talet.
- 3.2.2: ALTER-SKULPTUREN AV JESUS:** Gips-skulpturen skal ha blitt gitt som gåve frå Lauritz Wensell rundt 1875. Det har vore ei utbreidd oppfatning at det er ein Thorvaldsen-kopi, men ørskogskulpturen er annleis og vi veit no at kunstnaren var Christopher Borch.

- 3.2.3: DÅPSFAT I MESSING:** Truleg frå 1500 eller 1600-talet. Artikkel i årbok 2018.



- 3.2.4: 2 LYSEKRUNER:** Skal vere frå 1600-talet.
- 3.2.5: KYRKJELOKKE:** Frå 1654. Er ikkje i bruk.

3.3: SKULPTURKUNST:

3.3.1: KUNSTGJENSTANDANE ETTER JØRUND SMED: Mange av figurane hans av tre



og metall som er att i Ørskog vart restaurerte ca 2015 og deretter plasserte langs Elvastien. Mange flotte kunstgjenstandar i metall finst på ulike stader i Ørskog, m.a. i kyrkja, rådhuset, kulturhuset, grendahusa og andre offentlege bygningar. Noko finst utanfor Ørskog. Årsskrift 1999 handlar om Jørund og kunsten hans.

3.3.2: SKULPTUREN I FOAJEEN TIL ØRSKOG KULTURHUS: Nonfigurativ skulptur, forma i larvikitt-bergart av ørskogkvinna Edel Gillebo. Ho ga skulpturen til Ørskog kulturhus på slutten av 1980-talet, før ho vart abbedisse Thavoria i eit gresk-ortodoks kloster. Sokkelen er laga av Oddbjørn Hole. På plaketten under steinen står m.a. «Takkestein».

Sjå og 3.2.

3.4: MÅLARKUNST:

3.4.1: VEGGMÅLERIA PÅ ØRSKOG VIDAREGÅANDE SKULE (HUSMORSKULEN): Laga like etter 2. verdskrigen, truleg i 1946. Fleire store måleri i festsalen av den finskfødde kunstnaren Jonas Peson (1887 – 1952).



Måleri av Jonas Peson i festsalen på «Husmorskulen»



Eit måleri (freske?) i hallen/foajeen av Ole Solbakken (1911-1986)

3.4.2: VEGGMÅLERIA PÅ HYTTA «SPARTA» VED SVARTLØKEN:

Det vert sagt at dei er laga av den finskfødde kunstnaren Jonas Peson, visstnok på den tida Ragnar «Kongen» Sjøholt eigde hytta.

3.4.3: VEGGMÅLERIA PÅ STEINHOLT BUSENTER:

Laga på 1990-talet av ørskogkunstnaren Knut Kråkevik.

3.4.4: MÅLERIET PÅ BRAUTE GREINDAHUS:

Dette er eit landskapsmåleri på 3 x 2 meter, som syner Solnørdalen, sett frå Liafjellet. Det er basert på eit fotografi teke av Hans O. Sjøholt midt på 1950-talet. Kunstnaren er Rolf Sørby, som bur like ved greindahuset.

3.4.5: AKVARELLANE TIL DRONNING WILHELMINE AV NEDERLAND:

Det har blitt sagt at ei ungjente på Sjøholt skal ha fått fleire akvarellar som dronninga hadde måla medan ho budde på Sjøholt Hotell på 1920- eller -30-talet. Det er uklart om desse enno finst i Ørskog.

Vi veit elles at det heng Ørskog-akvarellar på det kongelege slottet i Apeldoorn i Nederland.

3.4.6: MÅLARKUNST ETTER ØRSKOGKUNSTNARAR:

Dette er eit felt vi ikkje har kompetanse på, men det kan nemnast nokre viktige lokale kunstmålarar: Berit Stavseng (artikkel i 2009), Knut Kråkevik (art. 2009), Liv Dysthe Sønderland (art. 2014), Geir Hansen.

3.5: ANDRE GJENSTANDAR:

3.5.1: WENSELLVOGNA: Alder ukjend. Svært fin og velhalden skyssvogn for hest, i si tid stasjonert på skysstasjonen i samband med Sjøholt Hotell. Vogna vert (2017) laga i løa ved tidl. Ørskog vidaregåande skule, og kommunen skulle dermed ha ansvaret.

3.5.2: MYREPYNTET: BRUDEKRUNE MED TILHØYRANDE PYNT I KISTE:

Truleg laga på 1870-talet. Frå Myregarden i Sykkylven. Flytta til Myrane på Sjøholt. Etter at Klara Sjøholt nytta pyntet som den første i Ørskog, har fleire andre bruder i Ørskog nytta det.

- 3.5.3: MODELLEN AV SJØHOLT HOTELL:** Bygd i skala 1:10 av Hans L. Sjøholt. Arbeidet starta i 1995, og tok over 2000 arbeidstimar. Plassert i Hanshuset i Bankparken.
- 3.5.4: SKIPSANKER FUNNE PÅ SJØBOTNEN VED KLOKKARBERGET (ØRSKOG):** Truleg frå 1800-talet. Registrert hos fylkesarkeologen. Privat lagra.
- 3.5.5: SVERD FRÅ GARDEN BAKKEN PÅ LANDE:** Funne i jorda nært Valgermo. Har enno synlege teikn/inskripsjonar som ikkje er tolka. I privat eige.

3.6: GJENSTANDSAMLINGAR (MUSEUM):

- 3.6.1: PAKTARHUS-SAMLINGANE VED PRESTEGARDEN:** Historielaget sine samlingar. Sjå 3.1. Sidan historielaget tek imot gamle objekt til arkiv, bibliotek og museum frå heile Ørskog, er dette det næraste ein kjem eit bygdemuseum i dag.
- 3.6.2: GARDSMUSEET I JOGARDEN PÅ LANDE.**
- 3.6.3: GARDSMUSEET PÅ BARLINDHAUG.**
- 3.6.4: SAMLINGANE I BRAUTE GRENDAHUS:** Skulerelaterte gjenstandar frå gamle Braute skule. Samla og utstilt i det gamle skulehuset av grendeforeininga.
- 3.6.5: STEINMUSEET PÅ BAKKEN PÅ LANDE:** Tilhøyrrer Hallvar og Sølvi Eide. Delar av samlinga er flytta til Fjord kommune. I tillegg til å truleg vere ei av dei største private samlingane av bergartar og mineral i landet, inneheld og samlinga historiske gjenstandar. Eit døme er eit sverd funne i jorda på Bakken.

4. KULTURMINNE KNYTT TIL SAMFERDSLE:

4.1: VEGAR:

4.1.1: TVERRBAKKVEGEN I LANDEDALEN:

I Høgnøslia ovanfor europavegen. Lettast å finne dersom ein går rett opp 100-200 meter frå Stortrøna (der Postvegen kryssar europavegen) og deretter nordaust, relativt parallelt med europavegen. Dette er truleg restane av ein eldgamal veg, som batt saman Sunnmøre med Romsdalen. Hans Strøm skriv om ein slik veg i 1760-åra, og det er grunn til å tru at det er denne.

Frå årsmeldinga til Ørskog Historielag 1986: «Eit svært gammalt, men lite påakta kulturminne i Ørskog, er den gamle vegen mellom Ørskog og Vestnes; - den som var i bruk før «nyvegen» kom i 1790-åra. Enno kan ein sjå tydelege spor etter denne vegen i Tverrbakkane i Høgnøsa. Den 22. desember vart ei strekning på 250-300 m rydda for kratt av medlemmer av styret i historielaget». Artikkel i årbok 2018.

4.1.2: HØGNØSVEGEN I LANDEDALEN:

Denne ligg enda høgare oppe i lia enn Tverrbakkvegen, og er i dag ikkje lenger så lett å finne. Det kan ha vore ein lokal driftsveg opp til slåtteteigane som i gammal tid låg høgt i Høgnøslia.

Tverrbakkvegen og Høgnøsvegen er i høg grad øydeleggingstrua, grunna skogsdrift i området. Mange har sett dei nedslåande resultatane av slik drift lenger sørvest, i Postvegområdet.

4.1.3: «DEN TRONDHJEMSKE POSTVEI»:

Går frå Amdamsfjæra via Nedrevoll, Ørskog, Steinholt, Landedalen, forbi



Haugsetra, Bythaugen (kommunegrensa) og vidare i Vestnes. Bygd frå 1780-åra. Karakteristisk med lange, rettlinja strekningar. Mykje restaureringsarbeid er gjort og mykje er planlagt. Av mange rekna som kommunen sitt viktigaste

kulturminne. Tatt med i «Nasjonal verneplan for vegar, bruar og vegrelaterte kulturminner», utarbeidd av Statens Vegvesen. Dette er det einaste objektet i Ørskog som er med i denne planen.

Hefte utgitt av historielaget/Posten i 1997. Artiklar i årbok 2014 og 2017.

4.1.4: POSTVEGEN ØRSKOG – BORGUND:

Påstarta tidleg på 1800-talet. Ferdig Sjøholt – Tyssa i 1818, men til Borgund først ca 20 år seinare. Restar kan sjåast fleire stadar: Sjøholt og Sjøholtstrand (Amtskulevegen), Stolvika, Apalset og frå Tyssa til golfbana på Solnør. Artikkel i årsskrift 2005.

4.1.5: VEGEN OPP LANDEDALEN OG OVER ØRSKOGFJELLET SOM AVLØYSTE DEN GAMLE POSTVEGEN RUNDT 1830:

Spesielt godt synlege parti: 1: Ovanfor europavegen, litt nord for reinseanlegget til Ørskog vassverk, der han skil lag med den gamle Postvegen, og til det store steinbrotet sørvest for Tverrelva. 2: Frå like nordaust for Tverrelva og nesten til Stortrøna, nedanfor europavegen. Her har bygginga vore spesielt krevjande, med høge murar og store stabbesteinar (-i faresona ved evt. utviding av vegen). 3: Frå Postvegen og opp Nysæterbakkane til Nysætra. 4: Ymse parti mellom Nysætra og kommunegrensa.

4.1.6: GAMLE EGGEVEGEN: Går høgare oppe enn dagens veg, på åsryggen.



Enkelte fine parti, med mura vegkantar. I stor grad attgrodd med skog.

4.1.7: GAMLEVEGEN VISET – DYRKORN (-den nedlagde strekninga): Tunnelen hadde gjennomslag i 1938, og er såleis ein av dei eldste på våre kantar. Vegen går elles i til dels ekstreme brattheng og langs stup, med opptil 10 meter høge natursteinsmurar nedanfor vegbana, sett opp av eit arbeidslag frå Ørskog. Artikkel i årsskrift 2012.

4.1.8: MULEG GAMMAL KAVLVEG: Ein stad mellom Nedrevoll og Giskemo, skal det for ein del år sidan ha blitt funne restar av parallelle stokkar relativt djupt nede i jorda. Mykje tyder på at dette er spor etter ein svært gammal kavlveg eller kavlbru.

Det finst elles ei mengde interessante gangveggar eller stiar frå den tida folk gjekk til kyrkje, butikkar, skule m.m., dersom dei ikkje rodde. Desse stiane gjekk gjerne over fjellskar og kunne følgje heilt andre ruter enn dagens bilveggar. Døme er Solnørdal – Li, Gausnes – Ørskog, Jarskar - Giskemo og Bårdsgjerde – Sjøholt.

4.2: BRUER:

4.2.1: STEINKVELVINGSBRUER:

4.2.1.1: STEINHOLTBRUA: Den største og høgaste kvelvingsbrua i kommunen, opna i 1910. Artikkel i årsskrift 2010.



4.2.1.2: TVERRELVBRUA (ca 25 meter ovanfor noverande europaveg):

Vart bygd ca 1897. Skjemd av seinare påstøyp parti mot sør.
Bru-kar frå ei eldre bru like ovanfor, men med nyare påstøyp.



4.2.1.3: HOLEBRUA PÅ NEDREVOLL: Bru over Vallbøløken på Postvegen.

Truleg bygd ca 1920, i samband med kanaliseringa. Det skal ha blitt nytta stein frå ei eldre bru som var på staden før.

4.2.1.4: AMDAM:

Bru over Vallbøløken i samband med veg til m.a. det vesle huset til brørne Ole og Oluf Valbø.

**4.2.1.5: GAMLEBRUA PÅ VESTRE, VED GRIMSMYRVEGEN:**

Over Vestreelva,



på ein gammal trasé av Grimsmyrvegen, som før 1914 var einaste veg mellom Vestre og Vaksvika. Ei ny betongbru lenger nede har no erstatta den gamle.

4.2.1.6: DEN GAMLE FYLKESVEGBRUA PÅ VESTRE:

10-15 meter frå noverande fylkesvegs-bru over Vestreelva,



bygd ca 1914, saman med den nye vegen til Vaksvika.

4.2.1.7: GAMLEBRUA I VAKSVIKA:

Bygd 1893 av Hans Lande og Iver Tuene.



Ved Hjellereite, ca 400 m ovanfor den noverande fylkesvegsbrua over Vaksvikelva. Litt vest for denne brua, syner landkara etter ei enda eldre bru.

4.2.1.8: NYBRUA I VAKSVIKA:

Bygd 1938 i kurve over Vaksvikelva, på fylkesvegen, av Rasmus Tenfjord og arbeidslaget hans.



Dette er den siste steinkvelvingsbrua som vart bygd i fylket.

4.2.1.9: SVARTLØKBRUA: Dyrehaldsbru over Løkelva, utan tilkomstvegar, men ikkje langt frå Svartløkvegen. Den vart kosta av grunneigarane og bygd 1895. Artikkel i årsskrift 1994.

4.2.2: STEINHELLEBRUER MED UTKRAGA LANDKAR AV MURA NATURSTEIN:

4.2.2.1: POSTVEGBRUA OVER TVERRELVA: Brua er ein del av Postvegen frå 1780-åra, ca 250 m ovanfor noverande europaveg. Sidan den ikkje er nemnt i samband med dei planlagde byggeprosjekta på slutten av 1700-talet, er det truleg at den allereie var i bruk på det tidlegare vegsambandet over fjellet (Tverrbakkvegen). I samband med restaurering, vart brua teken ned og bygd opp att i same stil i 2013.

4.2.3: STEINHELLEBRUER MED ENKLE LANDKAR AV MURA NATURSTEIN:

4.2.3.1: OVER VALLBØLØKEN I ÅDALEN PÅ AMDAM: Her finn vi to fine hellebruer, samt den tidlegare nemnde kvelvingsbrua. Alle tre ligg på rekke, på ein stad elva deler seg i tre greiner.

4.2.3.2: OVER YTSTEELVA I ARNEDALANE PÅ NEDRE LANDE.

4.2.4: TREBRUER PÅ LANDKAR AV MURA NATURSTEIN:

4.2.4.1: GAMLEBRUA I SOLNØRDALEN: Brukara er svært gamle, medan sjølve brua vart renovert på 1960-talet.

4.2.6: GAMLE RESTAR AV BRU-KAR:

4.2.6.1: BRUKARA FOR DEN GAMLE «ØRSKOG BRO»:

Bygd som ein del av Postvegen i 1787, ca 30 m vest for noverande



Steinholt bru. Det meste av steinen i desse brukara vart teken til å bygge fiskedammar i elva med, truleg tidleg på 1980-talet, men litt er framleis å sjå.

4.2.6.2: BRUKARA FOR GAMLEBRUA OVER FREMSTEELVA PÅ

VAKSVIKFJELLET: Skal syne sørvest for noverande bru.

4.3: VORER:

4.3.1: POSTVOREN PÅ AMDAM: Ein del av «Den Trondhjemske Postvei». Bygd 1831. Er mykje skada.

4.3.2: POSTVOREN PÅ TYSSA: Ein del av den gamle postvegen Sjøholt – Borgund.

4.3.3.: PRESTEVOREN: Sentral og viktig vor i bygda, m.a. for kyrkjefolk frå sørsida av fjorden den tida dei sokna til Ørskog.

4.3.4: STORVIKVOREN: Nytt m.a. i samband med sagbruket som var i drift der ein gong.

4.4: KAIER:

4.4.1: ØRSKOG KOMMUNALE KAI, SJØHOLTSTRAND: Bygd i 1920, som erstatning for den som låg nærare Sjøholt sentrum. Saman med kaihuset (2.2.10) representerer kaia eit viktig minne om tida med fjordfrakt av gods og passasjerar.

4.4.2: VAKSVK KAI: Bygt 1896 og hadde i stor grad same rolle som Sjøholtstrand-kaia. Har blitt sterkt omarbeidd gjennom åra.

4.4.3: TØNNEFABRIKK-KAIA PÅ TYSSA: Bygd 1914. Så vidt vi veit har denne ikkje vore nytta etter krigen.

4.4.4: KAIA FOR FISKEOPPDRETTSANLEGGET PÅ APALSET: Bygd ca 1980. Anlegget er no nedlagd.

4.5: RODESTEINAR (markering av veg-vedlikehalds-roder):

To i Solnørdal, ein ved Skarbøskulen, ein i Framigarden i Gjære, ein ved Jokumrenna på Sjøholtstrand (no flytta), ein på Vallbøen, ein på Paktarhuset frå Sjøholt og sikkert fleire rundt i grendene.

4.6: NAMNESTEINAR FOR BRUER:

4.6.1: TVERRELVBRU-STEINEN: Har teksten: «Tverrelv Broe 1831». No plassert ved Postvegen, etter å ha vore lagra nede i bygda i lang tid. Stod opphavleg ved ei no vekk-koma bru, relativt nært europavegen.

4.6.2: SJØHOLTBRU-STEINEN: Har teksten: «Søholdt Broe 1826». Der var to slike bruer, over Wensellelva og PeLarselva, og steinen må ha stått ved ei av dei. Steinen er no nytta i køyrebrua på løa i Frantzgarden.



5. KULTURMINNE KNYTT TIL KRAFTVERK OG INDUSTRI:

5.1: MASKINHUSET TIL ØRSKOGFOSSEN KRAFTVERK:

Bygd i 1927 og romma m.a. turbin og likestraumsgenerator. Huset vart restaurert utvendig frå 1993 og utover av Ørskog Rotary og Historielaget. Vert no disponert av Ørskog Historielag. Artiklar i årsskrift 1990 og 2015.

5.2: RESTANE AV DET KOMBINERTE SAGBRUKET OG TØNNEFABRIKKEN PÅ TYSSA: Bygd 1914. M.a. fine, oppmura kaianlegg ved sjøen.

5.3: DEN ELEKTRISKE KORNMYLNA PÅ MYRANE GARD, SJØHOLT: Kanskje den einaste i sitt slag i Ørskog? Bygd i 1927, med likestraum frå Ørskogfossen Kraftverk, som starta opp samstundes. Erstattet eit gammalt kvernhus ved elva. Reimdrifta frå motoren kunne etter behov skiftast mellom mylna og ein slipestein,

eller eit sagbruk i etasjen over. Mange fleire gardar nytta denne mylna, som var i bruk til midten av 1960-talet.

6. KULTURMINNE KNYTT TIL FORSVAR OG KRIG:

6.1: RESTANE AV DET TYSKE KYSTFORTET PÅ TYSSA:

Bunkerar, løpegraver, skytestillingar, kanonstillingar, ein særprega kommandobunker, ymse spor etter verksemda i det gamle Bakkestabburet (Langskipsøy postkontor). Artiklar i årbøker 2015 og 2017, samt i Jan Olav Flatmark sine bøker frå krigstida.



Biletet viser tre kanonstillingar

Biletet er frå krigen. Her er kanon ved bustadhuset og to kanoner til venstre i biletet.

6.2: DEI TYSKE SKYTESTILLINGANE PÅ OSBERGET, ØRSKOG:

Ei relativt stor stilling på toppen av berget, samt ei mindre stilling nær Prestevoren og ei liknande nær elveosen. Alle er nedskotne i berget.

6.3: DEI TYSKE SKYTESTILLINGANE PÅ OTTAMARKA OG ÅRØYHAUGANE PÅ SJØHOLT:

Ei mura, rund stilling sørvest for Gamlebanken, samt fleire, små stillingar i Årøyhaugane, mot europavegen.

6.4: ANDRE ANLEGG KNYTT TIL TYSK OKKUPASJON 1940-45:

Restar av bunker og skytestilling ved flyobservasjonsposten på Verahornet, jr. pkt. 6c. Det seiast at ein mur av opplødde steinar på eit høgdedrag vest for skytebana er ein vaktpost/skytestilling nytta av tyskarane under skyteøvingar på bana.

6.5: BAUTASTEINAR:

6.5.1: KRIGSDELTAKARAR 1807-14:

Reist i 1914 på Vestre



ved Gamlevegen.

Artikkel i årsskrift 2014.

6.5.2: KRIGSDELTAKARAR 1940 – 45:

Reist i 1995 på Sjøholt, ved Ørskog kulturhus.



Artikkel i årsskrift 1996.

6.5.3: OMKOMNE UNDER KRIGEN 1940-45:

Reist i 1989 på Ørskog, ved inngangen til kyrkja



Artikkel i årsskrift 1990.

6.6: KRIGSOBJEKT UNDER VATN: Det tyske Heinkel 111- bombeflyet som, etter kamp



med britiske jagerfly, naudlanda og sokk utanfor Apalset 26. april 1940. Enno ikkje lokalisert, på tross av miniubåtsøk ned til 400 m.

6.7: BUNKER PÅ ØVRE LANDE: Tysk bunker i skråninga sør for austre enden av Husmorskule-bygget, ved den no bortkomne vegen mot Arnegarden. Tildekt med jord rundt 1950. men kan og ha blitt fjerna.

6.9: GJENSTANDAR LAGA AV AUSTEUROPEISKE KRIGSFANGAR: Laga 1940-45 av fangar som oppheldt seg mellom anna i fangeleiren på Liasætra.

Fleire personar i Ørskog har slike gjenstandar. Dette er ein ring laga av krigsfange som var på Liasætra. Ringen er laga av hestehår.


JL står for Jon Lid som fekk ringen.



7. KULTURMINNE KNYTT TIL GRUVEDRIFT:

7.1: LI-GRUVENE I VETAFJELLET: Frå 1770- og 1870-åra. Omfattar grovt rekna 2 malmstollar, 2 transportstollar, ei sjakt og 2 dagbrot, ymse tippar (berghald) m.m. Malmdrifta var svært beskjeden, men infrastrukturen var ganske omfattande. Kabelhjul, vaier og ymse murar ved gruvene. Sjakta vart sikra 2012 i regi av historielaget.

7.2: MALMBANETRASEEN: Øvste del av traseen for den nedste malmbana frå Li til Sjøholtstrand er relativt intakt, med ein del sidemurar og mura stikkrenner. I øvste enden av denne traseen, vest for Li-gardane, finn ein restane av omlastingsstasjonen med kabelhjul og bremseband. Like ved der bana kryssa Amtskulevegen på bru over vege, er det framleis restar av traseen i form av fine murar.



Gruveinngangen



Malmbana



Restar av traseen i dag

7.3: GRUVEVEGEN PÅ LI: Anleggsvegen som vart nytta i gruvedrifta. No ein mykje nytta tursti. Den startar frå omlastingsstasjonen like vest for Li-gardane og går om

Johjellen til gruvene.

7.4: ANDRE GRUVER KNYTTA TIL JERNMALM I VETAFJELLET I ØRSKOG:

Strandagruva (ca 300 m vest for Ligruvene) er eit lite dagbrot (kanskje fleire), truleg frå 1770-åra. Eit liknande dagbrot finst like sør for skytebana, på Sjøholt sin grunn. Dette er truleg frå 1870-åra. Artikkel i årsskrift 2009.

7.5: MURANE ETTER KRUTHUSET PÅ LI: Dette ligg vest for malmbanetraseen, ved Myrteigen, inntil ein steingard som ligg i grensa mellom Sjøholtstrand og Li. Her lagra dei krutet som vart nytta i gruvedrifta.

7.6: GJENSTANDAR FRÅ VETAFJELL-DRIFTA:

Frå 1870-åra. Ein del jernbaneskiner i privat eige. 2 kabelhjul med bremseband og vaier, som ligg ved gruvene og ved omlastingstasjonen. Eit ca 50 kilos jernlodd, skinnespiker m.m. i samlingane til historielaget.

7.7: STOLPAR ETTER MALMKAIA, SAMT MALMVOGN PÅ SJØBOTNEN:

Stolpane etter malmkaia frå 1870-åra utanfor Sjøholtstrand, mellom Stavsengbutikken og Vekst Ørskog, er så vidt synlege i slammet på sjøbotnen. Ei malmvogn ligg like utanfor desse stolpane, på ca 8 meters djup, i forlenginga av den lineære banetraseen. Den vart sett av ein dykkar ca 2005. Uvisst om noko av dette enno er synleg etter dei omfattande utfyllingane i sjøen frå 2017 og utover.

7.8: FELTSPATGRUVA I VAKSVIKDALEN:

Der var aktivitet frå 1959 til -64. Tipp- og skeidehaugar, samt noko utstyr ved elva. Sjølve gruva, ein synk, ligg i elvabotnen og er heilt attfylt med stein av elva. Artikkel i årsskrift 2010.

8. KULTURMINNE KNYTT TIL JORDBRUK, SKOGBRUK OG

FISKE:

8.1: PRODUKSJONS-ANLEGG FOR TREKOL OG/ELLER TJØRE:

Felles for desse er at ein finn relativt store mengder kol i jorda. Det kan vere anlegg for produksjon av trekol, tjøre eller begge delar.

8.1.1: VED STORELVA, AUST FOR DALEGROVA I LANDEDALEN:

Datering usikker. Skrivaren tolkar dei få granskingane som er gjort, til å peike mot tidsintervallet 1300 – 1750, og det kan såleis ha krav på automatisk freding. Kan ha vore i bruk gjennom fleire hundre år.

Feltet kan vere det som i gammal tid på folkemunne vart kalla «Verket», og som Peder Fylling skriv om. Mange haugar og groper med oske, over ei lengde på ca 100 m. Det veks no granskog midt i feltet, og evt. seinare uttak av skog

med tunge maskiner kan øydelegge dette kulturminnet (jr. øydeleggingane av Postvegen lenger sørvest).

8.1.2: TJØREHJELL VED SKAHAUGEN I LANDEDALEN:

Truleg fleire hundre år gammal. Avbilda og omtala i Ørskogkalendaren for 2003. Kan lett bli skadd av tømmerdrift eller liknande.

8.1.3: AMDAM/NEDREVOLL: TJØREVOLLEN OG TIMBREMYRA: Der har truleg ein gong vore eit tjørebrenningsanlegg ovanfor Innvikhuset og nært Amdamsbyttet. Basert på oppl. frå Nils I. Amdam og Rolv Amdam. Områda skal vere rike på gamle tyrirøter, som er grunnlaget for tjørebrenning.

8.2: GAMLE, FRÅFLYTТА OG ISOLERTE GARDAR:

8.2.1: GAUSNES-GARDEN: Høgtliggande, isolert og nedlagd gard, med mange likheitstrekk med meir vidgjetne fjordgardar lenger inne langs fjorden. Artikkel i årsskrift 1996 og 2018.

8.2.2: FJELLGARDANE AKSLEVOLLEN OG SVARTLØKEN: Avsidesliggande, nedlagde gardar ved Solnørvassdraget, med gamle bygningar og interessant historie. Artiklar i årsskrift 1996 og -09.

8.3: TUFTER OG MURAR ETTER TIDLEG NEDLAGDE ELLER FLYTTA SÆTRAR:

8.3.1: HØGSÆTRA (GAMLESÆTRA FOR AMDAM OG HAUKÅS): Ved kanten av Giskemoheia, med spektakulær utsikt over bygda. Fleire svært forseggjorde murar etter sel og fjøs, både høgt oppe og langt nede på stølen. Bygningane vart flytta til den nye stølen rundt 1940. Artikkel i årsskrift 1997.

8.3.2: SKARBØSÆTRA: Idyllisk plassert langt oppe i Skarbøbotnen ved elva. Sætringa stoppa rundt 1945-50 og dei forfalne bygningane vart nedbrende i 1968 av omsyn til husdyr på beite. Artikkel i årsskrift 1997.

8.3.3: GAMLE SOLLISÆTRA: Murar etter 8 bygningar i eit skogholt høgare oppe i lia og vel ein km nordvest for noverande støl. Sætra skal ha blitt flytta frå denne staden omkring 1880. Omtala i årsskrift 1997.

8.4: RESTAR AV GAMLE SAGBRUK DRIVNE MED VASSHJUL-KRAFT:

8.4.1: SAGBRUKET PÅ VESTRE VED VESTREELVA:

Eit flott anlegg, men det er i sterkt forfall, og kan teoretisk hamne i elva.

8.4.2: SAGBRUKET PÅ VISET: Avbilda i ØGT-2 s35. Nytt fram til ca 1950. Fekk stor skade i nyttårsorkanen 1992.

8.5: KRØTTER-GEILER:

Ei geil er ei skjerna rås eller gate for husdyr, gjerne frå innmark til utmark. Ofte laga i bytet mellom eigedomar, og gjerne ved at to steingardar er mura opp med nokre meters avstand. Den eine steingarden kunne erstattast av t.d. ein fjellvegg, ei steinur eller elv osv.

8.5.1: MELLOM REITE OG HATLEN I VAKSVIK: Geila skal enno kunne sjåast i korte strekningar på begge sider av Bygdavegen. På eldre flyfoto kan ein sjå ei svært markant geil gå heilt opp til Grimsmyra, og kanskje vidare. Namnet «Råket» har vore nytta om geila.

8.5.2: ME-HATLEN I VAKSVIK: Går mellom to steingardar i nordaustleg retning frå gardstunet.

8.5.3: SOLNØRDAL: Geil på begge sider av gamlebrua. Geila har elva som stengsel på den eine sida og ein steingard på den andre.

8.5.4: BRAUTE I SOLNØRDAL: Frå garden Braute og til utmarka.

8.5.5: FRAMIGARDEN I GJÆRE: Geila, kalla «Råket», går mellom den steile fjellveggen i Gjærnsakken og ein steingard mot innmarka.

8.5.6: SJØHOLT-GEILA: I det brattaste partiet gjekk denne geila mellom to steingardar i bytet mellom Einagarden og Lånagarden. Nytt m.a. når dyra skulle til eller frå Sjøltesætra eller beiteområder på Sjøholtreitane. Det er no lite som syner att av denne geila.

Elles finn vi geil-namn i stadnamna våre, t.d. Geilhaugen på Amdam og ved Braute, og Nerlandsgeila på Lande.

8.6: VASSKANALAR:

KANALAR FOR SENKING OG REGULERING AV ELVAR:

8.6.1: VALLBØKANALEN: Av mange rekna som eit svært viktig kulturminne. Livsverket til Ole Dreng. Han grov ut 580 meter av kanalen for hand på



Vallbøen og Giskemo og handsorterte massene. Med stor presisjon mura han opp kanalsidene med avrunda naturstein. Arbeidet føregjekk frå 1924 til ca 1930, og frå 1948 til Ole døydde i 1973. Artiklar i årbøker 2007 og 2017.

- 8.6.2: KANALEN FRÅ LISETVATNET TIL ØVSTEFOSSEN PÅ AMDAM:** Utgreven ca 1920, for å senke grunnvass-standen og dermed frigjere matjord. Det vart funne bein av kval i leirgrunnen, ca 60 m.o.h. Ved ei seinare senking ca 1975 vart det funne 8 -12000 år gamle skjell. Artikkel i årsskrift 1994.

TRUSKEKANALAR (truskeveiter):

- 8.6.3: LANDEDALEN – GJÆRE:** Ca 2 km lang, frå Tverrelva til Gjære. Frå 1800-talet. Framleis synleg på enkelte strekningar. Artikkel i årbok 2014.
- 8.6.4: JARSKAR – SKARBØ:** Frå Demningsmyra, gjennom Jarskar-tuna og vestover gjennom fleire Skarbø-gardar. Det skal ha vore vasshjul på alle gardar som kanalen gjekk gjennom. Kanalen er ikkje lenger så lett å finne.

SAGKANALAR:

- 8.6.5: GISKEMODALEN:** Ca 1 km kanal med delvis oppmura innløp frå sørvestenden av Rashølen i Storelva til Giskemosaga, der det tidlegare var vasshjul. Hjulet og dermed kanalen var i bruk på slutten av 1950-talet. Samstundes såg ein restar av tømmerkonstruksjonar på nordvest-breddene av hølen, som truleg ingen lenger veit kva dei vart brukt til.

KVERNKANALAR:

- 8.6.6: NEDRE LANDE:** Ca 60 m lang kanal aust for restane av kvernhuset i Arnedalane ved Storelva.
- 8.6.7: GJERDET I VAKSVIK:** Ca 150 m lang kanal ved Vaksvikelva.
- 8.6.8: HATLEN I VAKSVIK:** Ca 150 m lang kanal ved Vaksvikelva.

DRENERINGSKANALAR: Blant mange av dei gamle kanalane kan det nemnast ein på Svartløken (artikkel i årsskrift 2006), samt ein ved Arnegarden på Nedre

Lande.

8.7: STEINGARDAR:

På gardar og sætrar, ofte i grensa mellom eigeidomar eller langs ytterkanten av innmark. Av desse er det mange, men vi trekker fram nokre fine eksempel:

8.7.1: MELLOM LANDE OG GJÆRE: Mellom Bøen på Lande og Utigarden i Gjære kan vi finne eit fint mura parti som er 4-5 meter høgt og så breitt at det kunne køyrast med traktor oppå steingarden når ny stein skulle plasserast.

8.7.2: MELLOM NEDRE OG ØVRE VISET: Går aust-vest på begge sider av elva, og er eit svært fint handverk.

8.7.3: MELLOM BRUK 1 OG 2 PÅ NEDREVOLL.

8.7.4: MELLOM BRUK 1 OG 5 PÅ AMDAM.

Meir sjeldsynt er det å finne steingardar i fjellet: Ein låg, men interessant steingard finn ein ganske overraskande i 650 – 700 m høgde, i området mellom Skarbøsætra og toppen av Snaufjellet. Ein annan nær toppen av Vetafjellet (Liafjellet), vest for Vetegylet.

8.8: VEKSTHUS PÅ AMDAM: Eit veksthus frå om lag 1935 er å rekne som eit av svært få bevarte slike med så høg alder. Står i Askeladden-registeret.

8.9 FISKE-RELATERTE KULTURMINNE:

Fjordfiske har vore svært viktig i Ørskog, og m.a. torskefisket og sildefisket på Ørskogvika er velkjend i vide krinsar. Likevel har vi ikkje lukkast i å registrere så mange fiske-relaterte kulturminne. Unntak er ymse naust og naustmiljø, som ein vil finne under punkta 2.7 og 12.

8.9.1: BARKEKARET PÅ OSBERGET: Karet er eit djupt, støypt betongkar like bak Prestegardsnaustet og vart nytta til barking/impregnering av nøter, garn, tauverk og liknande. Under bakkenivå er karet truleg nedsprengt i fjell. På kvar side står festebøylane for ei vinde/spel som vart nytta til å kveile opp garna og nøtene etter barking. Opphavleg var der tak over karet. Etter at karet gjekk ut av bruk, vart det attkasta, med tanke på at det kunne vere farleg. Alderen er uviss, men det vart truleg lite nytta etter siste krig. Den utskotne delen av karet kan vere eldre enn betongkantane på toppen.

ANDRE KULTURMINNE I KATEGORI 8: Tufter etter kvernhus, høyløer, sommarfjøsar og torvløer, brønningar og brønnerhus, torvtak (m.a. Landeheia), moldtak, bytesteinar, rydningsrøyser m.m.

9. ANDRE KULTURMINNE

9.1 Grensesteinar:



9.1.1 Dei 2 herads-, fogderi- og stiftsgrensesteinane ved Bythaugen på Ørskogfjellet. Artikkel i årsskrift 2005.

9.1.2: Grensesteinen Ørskog – Skodje, mellom Tyssa og Solnør

9.2: MINNESTEINAR:

9.2.1: OVER EIDSVOLLMANNEN ELLING O. VALBØE:



Ein obelisk på eit fundament, alt i raud granitt. Står på gravstaden ved kyrkja.

9.2.2: **OVER EMISSÆR FREDRIK ABELSET (1865 – 1943):** Ein massiv gneis-stein som ragar ca 2 m over bakken og veg minst 1,5 tonn. Står på gravstaden ved kyrkja.


9.2.3:**ANDRE GRAVMINNER:** Ein del steinar, jarnkors og jarnplater på gravstadar verneverdige.

Krigs-relaterte minnesteinar: Sjå 6.5.

9.3: LERKELUNDEN (ØRSKOG): Ein rest av den gamle Prestegardshagen. Eit parkliknande område med gamle, flotte lerketre og ei nybygd grindløe ved Prestegarden. Valt til tusenårsstad i året 2000 og ein minnestein vart då sett opp der.

9.4: IDRETTSANLEGG:

10.4.1: LØKLIBAKKEN:



Stor og tradisjonsrik hoppbakke.
Landsrenn i 1956.

Ombygd og gjort vesentleg større i 1963-64. NM i 1968, der Bjørn Wirkola vann og sette bakkerekord med 92 m. Ikkje i bruk etter eit øydeleggande snøras på 1970-talet. Attvaksen med skog. Restar av bygningar, betongfundament, trapper, vegar, utgravingar og fyllingar. Artikkel i årsskrift 2004.

9.6: PAPIR, BØKER, FOTO OG LIKANDE:

10.6.1: I HISTORIELAGET SINE SAMLINGAR:

9.6.1.1: FOTOSAMLING: Store mengder historiske fotografi som er innsamla, digitalisert og registrert av ei nemnd i laget. Eit stadig pågåande arbeid. Bilda kan sjåast av alle på nettet hos Fylkesfotoarkivet.

9.6.1.2: DEI DIGITALISERTE KYRKJEBØKENE: Resultatet av eit storarbeid i laget. Alle dei 11 tilgjengelege kyrkjebøkene er tolka, avskrivne og digitaliserte.

9.6.1.3: DAGBØKENE ETTER VEGVAKTAR INGVALD STADHEIM (fødd 1902): 22 innbundne, fylldige, handskrivne dagbøker, samt ei stor mengde notatbøker/kladdebøker. Frå 1935 til ca 1983.

9.6.1.5: ANDRE HISTORISKE PAPIR OG BØKER.

Omfattar m.a. grunnlagsmateriale for dei tre bygdebøkene og for historielags-publikasjonane. Protokollar, dagbøker, gamle brev

og dokument, rekneskapsbøker, møtebøker for losjer og foreiningar og mykje anna. Mange gamle skulebøker.

Årbøker og andre historiske bøker frå 1800-talet til i dag.

9.6.2: IKKJE I HISTORIELAGET SINE SAMLINGAR:

10.6.2.1: ABELSETH-BIBELEN FRÅ 1589: Artikkel i årbok 2013.



9.6.2.2: BREV- OG DOKUMENTSAMLINGA ETTER RASMUS JOHAN STORVIK (1843 – 1931): Inneheld mykje viktig lokalhistorie.

Artikkel i årsskrift 2007.

9.6.2.3: «CONTRABOG 1874»: Den viktigaste skriftlege kjelda vedk. bergverket i Liafjellet. Vart berga frå eit klargjort bål og teken vare på av Erling Skarbøe, og skal framleis finnast hos Skarbøe-familien.

Artikkel i årsskrift 1988.

9.6.2.4: OLAV OKSVIK-SAMLINGANE: Etter stortingsmann og fylkesmann Olav Oksvik. Ei eiga stifting har ansvaret for dette.

Artikkel i årbok 2011.

10. KULTURMILJØ:

Med kulturmiljø meiner ein område der fleire kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng. Døme på slike:

10.1: SÆTRANE: I Ørskog er det mange sætrar, ofte i overgangen mellom skog og fjell. Desse kulturmiljøa omfattar gjerne sel, fjøsar, høyløer, brønnar, vegar, steingardar m.m. Verdien av desse miljøa har vore påpeika i kommunale arealplanar. Sætrane og drifta av desse er dokumentert i årsskrift 1997.

10.2: ØRSKOG PRESTEGARD: Eit kulturmiljø med prestebustad, stabbur, paktarbustad og eit vognhus (no også med smie). Vidare restar av den gamle kyrkjevegen og den

gamle Prestegardshagen (m.a. Lerkelunden) m.m. Jr. pkt. 2.1.

10.3: NAUSTMILJØET I AMDAMSFJØRA: Her startar Postvegen på nordsida av Storfjorden og ved enden vi finn Postvoren frå 1831. Vidare to svært gamle tømmernaust, truleg frå 1700-talet. Olenaustet kan ha blitt nytta til postbåten.

10.4: NAUSTMILJØET I KRÅA PÅ ØRSKOG: Fleire gamle naust i Kråa/Geilvika klarte seg gjennom den store orkanen i 1992. Vi har lite oversikt over historikken, men vurderer likevel dette miljøet som historisk interessant.

10.5: TREHUSMILJØET LANGS SJØHOLTVEGEN OG AMTSKULEVEGEN PÅ SJØHOLT OG SJØHOLTSTRAND: Langs denne parsellen av den gamle hovudvegen gjennom bygda, finn vi mange gamle bygningar med rik historie. På heimesidene til historielaget finn vi sidene «Gamle Sjøholt», som forklarar mykje av dette.

10.6: TYSSA KRIGSMINNEOMRÅDE:

Eit kulturmiljø med mange minner etter omfattande



tysk verksemd under siste krig. Jr. pkt. 6.1



10.7: ELVASTIEN LANGS PRESTEGARDEN OG LUNDEN: Svært forseggjort turveg, tilrettelagt for funksjonshemma. Ligg vakkert til ved Ørskogelva. Med 16 restaurerte Jørund Smed-figurar av tre og metall plassert langs stien, m.a. den store og velkjende «Elva-Pe». Vidare ein jarn-portal laga i den nye smia på Smibakken. Elveigarlaget har reist ei opa grindløe med bord, benkar og bål plass. Der er vidare m.a. fiskeplattform og informasjonstavler. Alt er bygd tidleg på 2000-talet.



10.8: GARDEN GJERDET I HATLEN I VAKSVIK: Verdet av denne garden som kulturmiljø avhenger av kva nærare gransking vil kunne fortelje oss. Vi har tidlegare nemnt stabburet, som kan vere kommunens eldste bygning, og våningshuset, som har ei kjerne frå ei svært gammal røykstove. Vidare ein kvernkanal med kvernhus like sør for husa.

10.9: TREHUSMILJØET LANGS GRIMSMYRVEGEN I VAKSVIK: Enkeltobjekta er omskrive andre stadar. Vi finn mange av dei eldste bygningane i Vaksvik her, kanskje mellom dei eldste i kommunen. Vi vil spesielt trekke fram Me-Hatlen-tunet som særst viktig.

11. NATURMINNE KNYTTA TIL HISTORIE, SEGNER OG

FOLKETRU:

11.1.1: SIRISTEINEN I SOLNØRDALEN:



Ein stein ved elva, mellom nybrua og gamlebrua, som det knyter seg ei segn til om ei jente som vart bergteken. Omtala i årsskrift 1998 s59.

Mellom anna på Island er slike steinar vurdert som viktige kulturminne.

11.1.2: TROLLKJERRINGVEVEN I GISKEMONIBBA: Fleire segner knyter seg til fjellet, på grunn av spesielle kjenneteikn. Det mest karakteristiske og sjeldne er «ordensbandet» av mørk amfibolitt-bergart som går skrått og skarpt avgrensa over den kjegleforma toppen, vendt mot Landedalen. Dette har i folkefantasiaen blitt tolka å vere ein trollkjerringvev.


Så har vi eit mørkt parti på nordsida, som vert kalla Trolldøra. Vidare har vi Trollkjerringrokken, som er skaret vest for Nibba, som har fellestrekk med hjulet på ein rokk.

11.1.3: STEINGARDSHEIA:



På vest- og nordsida av vatnet finn vi ei endemorene som ved første augekast kan likne ein menneskeskapt mur. Det er truleg denne morena som har gitt grobotn for fleire segner om ein kyrkjemur og ei kyrkje som skal ha sokke i vatnet. Holmen midt i vatnet har og ei rolle i segnene.

11.2.1: DYNJAFOSSEN: Høgste fossefallet i Ørskogelva (Storelva), i eit svært fint parti av elva. Ein stor og djup høl under fossen, og eit mindre fall med høl nedanfor denne. Muleg å gå bak fossen. Det djupe dønet eller dynjinga frå fossen kan



høyrast på lang avstand, derav namnet. Fossen ligg i eit område med tidlegare omfattande beiting, utmarkslått, torvskjering og sætring, nært Postvegen, og har såleis vore eit viktig landemerke. Elvepartiet vert no mykje nytta som turmål, til bading og til fiske av småaure.

11.2.2: ÅDALEN PÅ AMDAM: Særprega område med store jettegryter, grotter, hellarar, kvernhustufter, tufter etter husmannsplassar, restane av huset som brørne Oluf og Ole (Ole Dreng) Valbø budde i m.m. Tre gamle steinbruer på rad kryssar elva på ein stad der ho deler seg i tre løp. Ådalen kan ha blitt danna då Ørskogelva i ein periode gjekk over Vallbøen til Amdam, slik ei segn seier. Dalen kan og vere spor etter ei bre-elv som rann ut her ved slutten av siste istida, evt. ein kombinasjon. Like aust for Ådalen og sør for garden Bakken, finn ein m.a. dei underjordiske gangane som Hans Strøm skriv om i 1760-åra («-lange underjordiske Løngange, i hvilken man stiger ned ovenfra...»). Brattebakkane like ved er kjent for villapal og vill kristtorn og er freda.

DET ER FORESLÅTT 15 PRIORITERTE TILTAK FOR KOMMANDE 4 ÅRS PERIODE.

TILTAKA ER VIST I TABELLEN NEDANFOR.

Nr	Tekst	Om kulturminnet/tiltak/ansvar.	Kart
----	-------	--------------------------------	------

Artikkel i årsskrift 1994.



11.2.3: LANGSKIPSØYA:




Einaste øya i Storfjorden som har hatt fast busetjing.









Gravhaugar på Langskipsøya.



Største eksporthamna på Sunnmøre for tømmer og trelast i seinmiddelalderen. Bustad for velstående handelsfolk. Siste attstående bygninga, ei 1700-talsløy, vart restaurert i 2015/-16 i regi av Storfjordens Venner (kap. 2). Gravhaugar, og kanskje spor etter eit naust for eitt eller fleire langskip, brukt i leidangen. Ein idyll med ei rik og spanande historie, og kanskje eit stort potensiale for historiske funn, dersom arkeologar vil ta fatt. Artiklar i årbok 2010.

1	<p>Kommune: Ørskog</p> <p>Gbnr: 83/2 – 83/1</p> <p>SEFRAK-nr1523239/ 1523237</p> <p>Navn: Naustmiljøet i Amdamsfjøra</p> <p>Art: Naustmiljø</p>	<p>Det er særleg objekta knytta til den sjø- og landbaserte Postveg-trafikken som står i fokus her . Dette gjeld særleg Olegard- og Einhaugnaustet, Postvoren og Postvegen. Alternativt kan ein utvide dette området vestover til og med den særprega Ådalen, og vil dermed få med ei sjeldant interessant blanding av natur og kulturminne.</p> <p>Tiltak: Registrering og utarbeide vedlikehaldsprogram.</p> <p>Ansvar: Kommunen/Fylkeskommunen i samarbeid med grunneigar og interesse-organisasjonar</p>	
2	<p>Kommune: Ørskog</p> <p>Gbnr: 108/2</p> <p>SEFRAK-nr</p> <p>Navn: Langskipsøya</p> <p>Art: Arkeologisk felt</p>	<p>Einaste øya i Storfjorden som har hatt fast busetjing. Største eksporthamna på Sunnmøre for tømmer og trelast i seinmiddelalderen. Bustad for velstående handelsfolk. Siste attståande bygning, ei 1700-talsløy, vart restaurert i 2015/16 i regi av Storfjordens Venner (kap.2). Gravhaugar, og kanskje spor etter eit naust for eitt eller fleire langskip, brukt i leidangen. Ein idyll med ei rik og spanande historie, og kanskje eit stort potensiale for historiske funn, dersom arkeologar vil ta fatt. Artiklar i årbok 2010.</p> <p>Tiltak: Registrering av området.</p> <p>Ansvar: Kommunen/Fylkeskommunen i samarbeid med grunneigar.</p>	
3	<p>Kommune: Ørskog</p> <p>Demokrati og folkestyre gjennom 200 år.</p>	<p>Tiltak: Frå Eidsvollmannen Elling Olsen Walbø til Olav Oksvik.</p> <p>Ansvar: Stiftinga Olav Oksvik Minnesamling</p>	

4	<p>Kommune: Ørskog</p> <p>Gbnr: 108/2</p> <p>SEFRAK-nr152354</p> <p>Navn:Krigsminne- miljøet på Tyssa</p> <p>Art: Krigsminne</p>	<p>Rekna langs Storfjorden er dette det einaste tyske kystfortet og den største samlinga av krigsminne . Eit viktig objekt her er den velkjende kommandobunkeren. Bakke-stabburet er eit anna viktig minne, med både tysk okkupasjonshistorie og posthushistorie frå 1860-åra.</p> <p>Tiltak: Skilting og gjere området tilgjengeleg for ålmenta.</p> <p>Ansvar: Kommunen i samarbeid med grunneigarar og interesse-organisasjonar.</p>	
5	<p>Kommune: Ørskog</p> <p>Navn: Jarnvinneanlegg ved Ørskogfjellet</p> <p>Art: Jarnvinne</p>	<p>Omfattar 3 kjende anlegg som alle ligg 1- 2 km frå Nysætra/ Fjellstova. Jarnvinna ved Svartløken er det største kjende anlegget i Møre og Romsdal og truleg ca 1500 år gammalt. Like sør for det eine anlegget, Sinderhaugen i Landedalen, finn ein eit dårleg utforska anlegg med omfattande kolhaugar, truleg frå middelalderen. Det kunne gjerne vurderast å ta dette med saman med jarnvinnene.</p> <p>Tiltak: Skilting.</p> <p>Ansvar: Kommunen i samarbeid med Ørskog Historielag og grunneigar.</p>	
6	<p>Kommune: Ørskog</p> <p>Navn:Fangstanlegga ved Steingardsheia</p> <p>Art: Fangstanlegg</p>	<p>Inntil nyleg ukjende, truleg grunna lokaliseringsproblemer, er dette tildels svært vanskeleg tilgjengelege stader. Til no er det funne ca 10 enkelt mura anlegg, som truleg var bogestillingar og bu-fasilitetar i samband med reinfangst. Er truleg frå tidleg middelalder eller eldre.</p> <p>Tiltak: Registrering og skilting.</p> <p>Ansvar: Kommunen i samarbeid med Fylkeskommunen og grunneigar.</p>	

7	<p>Kommune: Ørskog</p> <p>Navn:Det gamle vegmiljøet i Landedalen og over Ørskogfjellet, inklusiv Postvegen</p> <p>Art: Samferdsel</p>	<p>Dette omfattar m.a. «Den Trondhjemske Postveg» som er rekna som eit svært viktig nasjonalt kulturminne, men og den enda eldre Tverrbakkvegen og den førebels litt gåtefulle Høgnøsvegen.</p> <p>Tiltak: Prioritere vedlikehaldaprogrammet «Ein bit av historia», satsingsprogram fram mot Noreg sitt tusenårsjubileum i 2030 som handlar om kulturarv, folkehelse og stads- og næringsutvikling.</p> <p>Ansvar: Kommunen/Fylkeskommunen i samarbeid med Statens Vegvesen, frivillige lag/organisasjonar og andre.</p>	
8	<p>Kommune: Ørskog</p> <p>Navn:Gruver på sørsida av Vetafjellet.</p> <p>Art: Bergverk</p>	<p>I sunnmørsk målestokk eit sjeldant anlegg, utvikla både i 1770-åra og 1870-åra.</p> <p>Tiltak: Lokalisering av malmvogn i sjøen. Skilting, rydding av skog og vedlikehald av gangsti.</p> <p>Ansvar: Kommunen i samarbeid med velforeningar og grunneigar.</p>	
9	<p>Kommune: Ørskog</p> <p>Navn:Vallbøkanalen</p> <p>Art: Vasskanal</p>	<p>Ein viktig vasskanal bygd av ein mann, med handemakt og enkle reiskap, laga med stor innsikt og godt handlag.</p> <p>Tiltak: Skilting.</p> <p>Ansvar: Kommunen i samarbeid med grunneigar og interesseorganisasjonar.</p>	

10	<p>Kommune: Ørskog Gbnr: 75/5 SEFRAK-nr1523122</p> <p>Navn: Røykstova i Me-Hatlen med tilhørende stabbur</p> <p>Art: Bygning.</p>	<p>Dette er den einaste attverande røykstova vi kjenner til i Ørskog som er i nokolunde original stand. Huset har no fått skorstein, men som røykstove var der opphavleg ein ljore i taket. Alderen er uviss, men det er grunn til å tru at det er eit av dei eldste våningshusa i Ørskog. Dei måla dekorasjonane øvst på stoveveggane forsterkar inntrykket av eit verneverdig hus.</p> <p>Tiltak: Gjere kulturminne tilgjengeleg for ålmenta.</p> <p>Ansvar: Eigar i samarbeid med kommunen og Ørskog Historielag.</p>	
11	<p>Kommune: Ørskog Gbnr: 92/1 – 92/2 SEFRAK-nr</p> <p>Navn: Ola-og Toreselet på Haugsætra, Ørskogfjellet.</p> <p>Art: Sætermiljø.</p>	<p>Relativt store, svært fine representantar for dei gamle sætermiljøa, i eit område med mykje utfart. Dette er kombinerte sel med fjøs, med høge murar, og som står tett ved sidan av kvarandre. Det største selet, Olaselet, står no på skade, og det er grunn til å tru at berre offentlig innsats kan berge det.</p> <p>Tiltak: Vedlikehaldsprogram.</p> <p>Ansvar: Eigar i samarbeid med kommunen og frivillige organisasjonar.</p>	
12	<p>Kommune: Ørskog Gbnr:84/1-2 SEFRAK-nr 1523282</p> <p>Navn: Husa og miljøet på Gausnesgarden (2.3.5)</p> <p>Art: Gardstun.</p>	<p>Ukjend alder, men svært gammalt. Skal ha blitt flytta frå murar lenger nede i bakken og til noverande plassering ca 1850.</p> <p>Tiltak: Utarbeide vedlikehaldsprogram.</p> <p>Ansvar: Eigar i samarbeid med kommunen.</p>	

13	<p>Kommune: Ørskog</p> <p>Gbnr: 75/2</p> <p>SEFRAK-nr</p> <p>Navn:Stabburet på Gjerdet i Hatlen (2.5.1) Sjå eige skriv av 08.10.2018.</p> <p>Art:Bygning.</p>	<p>Det er lett å tru at dette stabburet er falleferdig og lite å ta vare på , men då tek ein feil. Stabburet har ei godt bevart, lafta kjerne av svært store, ovalhogde tømmerstokkar, verna av svalgangar med plankeveggar på tre sider. Byggestilen tyder på svært høg alder, kanskje heilt tilbake til 1500-talet. Ei merking med årstalet 1708, treng ikkje vere byggeåret. Mykje tyder på at dette kan vere eldste bygninga i Ørskog. Den skal ein gong ha blitt flytta hit frå Stordal.</p> <p>Tiltak: Utarbeide vedlikehaldsprogram for bygninga.</p> <p>Ansvar: Eigar i samarbeid med kommunen/fylkeskommunen.</p>	
14	<p>Kommune: Ørskog.</p> <p>Navn:Gamlebrua over Vaksvikelva, inkl. brukara frå ei eldre bru.</p>	<p>Gamlebrua er bygd i 1893 av Hans Lande og Iver Tuene. Brua er ved Hjellereite, ca 400m ovanfor den noverande fylkesvegbrua over Vasvikelva. Litt vest for denne brua, syner landkara etter ei enda eldre bru.</p> <p>Tiltak: Rydding av skog og skilting.</p> <p>Ansvar: Kommunen i samarbeid med frivillige lag- og organisasjonar.</p>	
15	<p>Namn: Sjøholt hotell</p> <p>Fredinga etter § 15 omfattar: hotell, bygningsnr. 179974517 (Askeladden ID 120493-1)</p> <p>Kommune: Ørskog.</p>	<p>I 2017 vart hotellet freda av Riksantikvaren. I 2015 lagde kulturavdelinga på fylket eit notat saman med eigarane med idear om ny bruk. Følgjande aktivitetar vart då nemnt: Første etasje kan nyttast til ålmennyttige formål som konsertar, utstillingar og foredrag med meir. Eventuell enkel servering av mat.</p> <p>ANSVAR for gjennomføring av tiltak: eigar i samråd med offentlege emyndigheiter og interesseorganisasjonar.</p>	